



Fylkesmannen i Møre og Romsdal



## Årsrapport 2016

## Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
Sted, dato og fylkesmannens signatur	5
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	11
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	11
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	11
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	12
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	13
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	13
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	13
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	16
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	17
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	17
3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet	18
3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester	19
3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	20
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	20
3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	21
3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene	22
3.1.1.11 Kommunereform	22
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket	22
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	23
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	24
3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge	24
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	25
3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	25
3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	25
3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	26
3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktnings situasjonen	27
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	28
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	28
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	30
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	32
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	35

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	36
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	36
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	36
3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks	37
3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	37
3.3 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	62
3.4 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	62
4 Styring og kontroll i embetet	63
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	63
4.1.1 Embetets risikostyring	63
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	63
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	63
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	63
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	63
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	64
5 Vurdering av framtidutsikter	65
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	65
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	65
5.3 Andre forhold	65
6 Årsregnskap	66

## 1 Fylkesmannens beretning

### 1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

**Kommunereformarbeidet** har vore eit omfattande prosjekt hos fylkesmannen i fleire år, og innspurten kom i 2016! Alle kommunane i Møre og Romsdal har køyrt prosessar, involvert innbyggjarane og gjort vedtak innan 01.07.2016, slik bestillinga var frå Stortinget. Fylkesmannen er imponert over det arbeidet og det engasjementet som kommunane har lagt ned.

I vårt fylke med 36 kommunar fekk vi 13 positive vedtak om samanslåing. I tillegg kjem 3 kommunar som gjerne vil slå seg saman med nokon, men kor nabokommunane har negative vedtak. Dette gjeld Vanylven, Surnadal og Kristiansund. To kommunar er fortsatt i prosess. Det gjeld Sande og Herøy. Skulle dei gjere positive vedtak får vi heile 18 kommunar i Møre og Romsdal med positive vedtak. Det utgjer 50 %, og er eit av dei beste resultatane i landet. Arbeidet med kommunereforma har heller ikkje vore bortkasta for dei kommunane som har fatta vedtak om å stå aleine. Ein har etablert gode samarbeidsrelasjonar med sine naboar, og har mykje å bygge vidare på.

**Betre oppvekst** er tittelen på vår satsing på barn og unge. Hausten 2015 vart det gjennomført ei stor kartlegging i alle kommunane våre etter modell fra Sjumilssteget i Troms, og i samarbeid med fylkeskommunen. Temaet for kartlegginga var barn og unges oppvekstvilkår og tenestetilbod, med barnekonvensjonen som utgangspunkt. Resultatet vart samla i ein rapport som fekk tittelen Barnebyks, nettopp fordi dette er eit stort steg i rett retning for å få oversikt og betre barn og unge sine oppvekstvilkår.

I 2016 prioriterte Fylkesmannen ressursar til ein **eigen koordinator for flyktningar**. Det har vore særdeles viktig i arbeidet med å koordinere regional stat og kommunane til å bosette og integrere fleire flyktningar.

I september arrangerte fylkesmannen ein **nasjonal fjellskredskonferanse**. (tidl.Åkneskonferansen). Her var det meget god oppslutning frå alle etatar og kommunar som har ei rolle ved eit mogleg fjellskred. Ein kunne også hente ut erfaring for å betre rutinane. Slike øvingar er viktige, og det vil verte nye beredskapsøvingar både i 2017 og 2018.

**Måloppnåinga** på våre avdelingane er meget god, og det er berre på nokre få område at vi ikkje greier å levere det som er resultatkravet. Årsaka er mest knytta til lengre sjukefråver, til turnover og for få ressursar på område for verjemål. Tilfeldigheita ville det feks slik at både fylkeslegen og ass.fylkelege slutta med berre 3 månaders mellomrom. Det har teke tid å rekruttere inn nye, og dette gav utslag på blant anna lengre sakshandsamingstid.

Ved årsskiftet hadde fylkesmannen i Møre og Romsdal 151 tilsette. Av desse 105 kvinner og 46 menn. Sjukefråver er nede på 4,48 %. Ein reduksjon frå året før da sjukefråveret låg på 5,72 %.

Rekneskapen for 2016 syner eit overskot på kr 1 458 480. Sjukemeldingar og vakansar gjennom året er hovudsakelig forklaringa til det positive avviket. Med unntak av arbeidet på verjemål, kor vi mange gonger har meldt inn for knappe rammer iflt oppgaver, så er det godt samsvar mellom måloppnåing og ressursbruk.

### 1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

FMMR sin strategiplan for perioden 2014-2018 har søkelys på følgjande tverrfaglege satsingsområde

- **Betre oppvekst**
  - søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår; jf. Fylkesmannen si satsing *Betre oppvekst* for aldersgruppa 0 - 20 år,
- **Kommunereforma**
  - medverke til drøftingar med kommunane rundt spørsmål om ny kommunestruktur
- **Samordning av statleg motsegn til kommunale planar**
  - delta i forsøksordning med utvida oppgåver for Fylkesmannen knytt til samordning av motsegner fremma av andre statlege myndigheiter

#### Meir om dei tre satsingane:

##### Betre oppvekst

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har frå 2012 sett barn og unge på dagsorden gjennom ei særskild satsing på tvers av fagavdelingane. Satsinga «Betre oppvekst» rettar søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i fylket. Med barn og unge meiner vi alle mellom 0 og 20 år. Arbeidet skal bidra til å sikre heilskaplege og gode oppvekstvilkår og trygge nærmiljø for alle barn. Nasjonalt program for barn og unge kalla «0-24» inngår i vår satsing.

##### Kommunereform - ny kommunestruktur frå 2020

Stortinget gjorde 18. juni 2014 vedtak om å gjennomføre ei kommunereform. Både kommunane og Fylkesmannen fekk spesifikke oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) i arbeidet med gjennomføringa av reforma. KMD har i 2016 forlenga fristen for endeleg vedtak i kommunane til ut 2017.

Kommunane skal gjennomføre prosessar for å vurdere kommunesamanslåing, samt gjere vedtak innan 1. juli 2016 om framtidig kommunestruktur for eigen kommune.

Fylkesmannen skal:

- følge opp prosessane i kommunane og gi tilråding om framtidig kommunestruktur i fylket innan 1. oktober 2016.
- rettleie i høve til dei einskilde kommunesamanslåingane
- medverke til omstilling og utvikling i eit heilskapleg perspektiv med utgangspunkt i den nye kommunestrukturen

### **Samordning av statleg motsegn knytt til kommunale planar**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for eit tre-årig forsøk med samordning av statleg motsegn til kommunale planar. Forsøket starta opp hausten 2013 og omfatta i første fase seks fylke. Forsøksordninga vart frå 01.04.2015 utvida til seks nye fylkesmannsembete - mellom dei FMNR.

Med utgangspunkt i rammene for samordningsforsøket er søkelyset m.a. retta mot

- Meir effektiv og målretta behandling av plansaker
- Betre samarbeid mellom kommunane og statlege myndigheter
- Styrking av kvaliteten på og gjennomføringa av kommunale planar

Forsøksperioden skulle opphæveleg gå til 31.12.2016, men er no vedtatt forlenga med eitt år. På bakgrunn av ei samla evaluering skal det vurderast om ordninga skal gjerast permanent.

### **Flyktningkoordinator**

I tillegg valde vi å omprioritere ressursar, slik at vi fekk ei eiga stilling som flyktningkoordinator i 2016. Det har vore til god hjelp for kommunane i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar.

### **1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultat**

#### **Prosjekt samordning av statlege motsegner**

Møre og Romsdal err med i prosjektet som skal samordne alle statlege motsegner, slik at kommunane berre får eit brev frå staten med motsegner og/eller merknader til sine planar.

I 2016 var det 22 samordna motsegner, det vart gjennomført ei rekke arbeidsmøter i etterkant at motsegnbrevet vart sendt ut. Berre ein gong fikk vi gjennomført dialogmøte før motsegnene vart sendt ut. Det er vanskeleg å få dette til pga korte fristar for statsetatane (4 veker). Det er eit mål å komme så tidleg som råd i dialog med kommunane. Sjølv om dette i liten grad let seg gjere, har det vist seg at arbeidsmøter i etterkant av tidsfristen også fungerer veldig godt ved at dei fleste konfliktane blir løyst der og ikkje ved mekling eller i KMD.

#### **Sted, dato og fylkesmannens signatur**

Molde 28.2.2017

Lodve Solholm

## 2 Introduksjon til embetets hovedtall

### 2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter.


Fylkesmannen utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegner av departementa. Fylkesmannen kontrollerer også verksemda i kommunane og er klageinstans for mange kommunale vedtak. Fylkesmannen har derfor fagkunnskap på ei rekkje overordna samfunnsområde, samtidig som vi sit på viktig lokalkunnskap.

Fylkesmannen skal dessutan sørge for rettstryggleiken for enkeltinnbyggjarar, verksemdar og organisasjonar ved å sjå til at grunnleggjande prinsipp som likebehandling, likeverd, føreseieleghet, handlefridom, habilitet og rettferd blir sikra i forvaltninga.

- Fylkesmannen er sektorstyresmakt på ei rekkje viktige politikkområde. Som sektorstyresmakt representerer Fylkesmannen fleire departement og underliggjande direktorat og sentrale tilsyn.
- Fylkesmannen er rettstryggleiksstyresmakt som klageinstans for kommunale vedtak og som tilsynsstyresmakt på sentrale velferdsområde som kommunane forvaltar.
- Fylkesmannen er regional samordningsstyresmakt for staten. Fylkesmannen skal blant anna samordne statlege verksemdar og arbeidet deira mot kommunane.
- Som regjeringa sin representant i fylket skal Fylkesmannen arbeide på vegner av og ta initiativ som er til beste for fylket.
- Fylkesmannen skal halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket og formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Fylkesmannen har òg oppgåver for Kongehuset. Fylkesmannen er administrativt underlagd Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Fylkesmannen har kontorsted Molde. Ved årsskiftet hadde fylkesmannen i Møre og Romsdal 151 tilsette. Av disse er to verneområdeforvaltere er lokalisert til hhv. Geiranger og Rindal og tre tilsette på Herje Genbank. Av 151 tilsette er det 105 kvinner og 46 menn. Talet på årsverk er 133.

Sjkefråvere er nede på 4,48 %. Ein reduksjon frå året før da sjkefråveret låg på 5,72%

Embetet er organisert med 5 fagavdelinga, justis- og beredskapsavdelinga, helse- og sosialavdelinga, landbruksavdelinga, miljøvernavdelinga og oppvekst og utdanningsavdelinga og 2 stavar, administrasjonsstab og informasjon, kommunikasjon og samordningsstab. I løpet av 2016 har vi fått ny landbruksdirektør og ny direktør for helse- og sosialavdelinga.

Fra 1. september 2016 vart ansvaret for barnevernet flytta over fra Helse og sosialavdelinga til Oppvekst og utdanningsavdelinga. Dette er førevls eit forsøk ut 2018. Målsettinga om å kunne jobbe enda meir tverrfagleg og samordna til det beste for barn og unge.

Ei midlertidig stilling som koordinator for flyktningar vart oppretta i 2016, og flytta inn i samordningsstaben. Ved årsskiftet er denne stillinga redusert

ned til 20%. Både folkehelse, flyktingar, samordningsprosjektet, betre oppvekst er spesielle tverfaglige prosjekter som alle ligger til stab og rapporterer direkte til embetsleiinga. (ass. fylkesmann)

I 2016 har vi jobba spesielt med medarbeiderutvikling i alle avdelingane. Her har vore samlinga, individuelle testar og gode diskusjoner som ein har teke med attende til jobbkvardagen og forbetra samarbeidsklima og rutiner på fleire områder.

2016 var også året kor vi tok i bruk målskjema for heile leiargruppa, og vi har køyrt tertialvise resultatsikringsmøter. Dette fungerte godt inn sammen med nytt styringssystem fra KMD, og for å jobbe enda meir heilskapleg. Vi lot Miljøvernavingdelinga vere pilot for å koble fagansvarlege inn på same målsystemet. For 2017 er dette tatt i bruk på leiarnivå og fagansvarlegnivå i heile organisasjonen.

### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Nedenfor følger ei rekkje tabellar med nøkkeltal frå embetet.

I løpet av 2016 er det 18 personer som har sluttet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 12 av disse stillingene vart lyst ut, og nye medarbeidarar tilsett.

Etter ein OU-prosess, kor nytt organisasjonskart var klart frå 01.01.2014, vart talet på leiarar med personalansvar redusert. Dette for både å profesjonalisere arbeidsgjevaransvaret, samt å gje alternative karrierevegar som kun innheld fag utan personalansvar.

Talet på kvinner og menn med personalansvar er 14 tilsaman.

7 av kvart kjønn. Prostennis utgjør dette 4,64 %

Overskotet i embetet for 2016 vart på 1,7% eller kr 1.458.480.

#### Andel administrasjon av totalt antall årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum, andel administrasjon	Økonomi	Lønn	IKT	Personal	Arkiv	Resepsjon og sentralbord	Antall årsverk totalt
Antall årsverk	100.0 %	1.2	1.1	2.1	2.1	9.6	1.0	17.1

Vi har i tillegg to lærlingar IKT-servicefaget og kontor- og administrasjonsfaget

#### Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	4 206 554

#### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	1 458 480.0
Budsjettavvik (%)	1.7 %

#### Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	82 823 521.0
Lønn 052501	67 268 561.0
Lønnsandel av driftsutgifter	81.2 %

#### Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	8 181 801
Husleie (% av driftsutgifter)	10 %

#### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	70 877	41 462	29 415

Det er opprettet en journalpost med flere vedlegg.

## Medarbeiderundersøkelsen

Betegnelse på rapporteringskrav	Differanse 2016-2014	Gjennomsnittlig score for 2016	Gjennomsnittlig score for 2014
I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	0.2	3.8	3.6
I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter	0.4	3.9	3.5

*Sidan spørsmåla i MU 2014 til MU2016 ikkje er like, har vi for 2016 satt inn resultatet frå spm 38 «I vår virksomhet er det tilrettelagt for god sanhandling på tvers» på første spm. og resultatet frå spm. «I vårt embete utvikler vi oss faglig gjennom læring og erfaringsutveksling med andre embeter» som spørsmål 2*

## Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2016
052501	83 324 603
052521	4 725 386
Post 01 (unntatt 052501)	19 313 437
Post 20-29 (unntatt 052521)	52 581 980
Post 30-39	5 086 607
Post 40-49	0
Post 60-69	121 319 178
Post 70-79	9 751 809
Post 80-89	4 015 000

## Aldersfordeling

Totalt antall ansatte pr. 31.12	Antall ansatte under 20 år	Antall ansatte 20 - 29 år	Antall ansatte 30 - 39 år	Antall ansatte 40 - 49 år	Antall ansatte 50 - 59 år	Antall ansatte over 60 år
151	1	8	30	45	38	29

## Årsverk og lønsutgifter

Betegnelse på rapporteringskrav	Rapporteringsåret
Gjennomsnittlig totalt antall årsverk for aktuelt år	133.00
Gjennomsnittlig årsverk for kvinner	91.00
Gjennomsnittlig årsverk for menn	42.00
Gjennomsnittlig årsverk for faste stillinger	118.00
Gjennomsnittlig årsverk for midlertidige stillinger	15.00
Gjennomsnittlig lønsutgifter per årsverk	50 353.00
Gjennomsnittlig lønsutgifter per årsverk for kvinner	49 746.00
Gjennomsnittlig lønsutgifter per årsverk for menn	52 133.00

## Turnover

Turnover i prosent	Gjennomsnittlig antall ansatte i rapporteringsåret	Totalt antall ansatte som har sluttet (ekskludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret og ble erstattet	Totalt antall ansatte som har sluttet (inkludert naturlig avgang) i løpet av rapporteringsåret
7.50 %	160.00	12.00	18.00



## Tilstandsrapportering om likestilling i embetet

Betegnelse på rapporteringskrav:	2015	2016
Sum Antall ansatte	147.00	151.00
Grunnlagstall 1: Antall menn	45.00	46.00
Grunnlagstall 2: Antall kvinner	102.00	105.00
Grunnlagstall 3: Gjennomsnittlig månedslønn for menn	47 103.00	47 600.00
Grunnlagstall 4: Gjennomsnittlig månedslønn for kvinner	41 474.00	43 951.00
Sum antall deltidsansatte	12.00	11.00
Sum prosent andel deltidsansatte	8.16 %	7.28 %
Grunnlagstall 5: Antall menn i deltidsstilling	3.00	3.00
Grunnlagstall 6: Antall kvinner i deltidsstilling	9.00	8.00
Sum antall midlertidige ansatte	11.00	16.00
Sum prosent antall midlertidig ansatte	7.48 %	10.60 %
Grunnlagstall 7: Antall menn i midlertidig stilling	3.00	6.00
Grunnlagstall 8: Antall kvinner i midlertidig stilling	8.00	10.00
Sum personer i foreldrepermisjon	3.00	0.00
Grunnlagstall 9: Antall menn i foreldrepermisjon	0.00	0.00
Grunnlagstall 10: Antall kvinner i foreldrepermisjon	3.00	0.00
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 813.00	1 354.00
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	218.00	170.00
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 595.00	1 184.00
Sum andel legemeldt sykefravær menn	1.17 %	0.69 %
Sum andel legemeldt sykefravær kvinner	5.02 %	3.44 %
Grunntall 11: Antall legemeldte sykedager for menn	130.00	80.00
Grunntall 12: Avtalte arbeidsdager for menn	11 118.00	11 627.00
Grunntall 13: Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 274.00	873.00
Grunntall 14: Avtalte arbeidsdager for kvinner	25 362.00	25 409.00
Sum andel egenmeldt sykefravær menn	0.79 %	0.77 %
Sum andel egenmeldt sykefravær kvinner	1.27 %	1.22 %
Grunntall 15: Antall egenmeldte sykedager for menn	88.00	90.00
Grunntall 16: Antall egenmeldte sykedager for kvinner	321.00	311.00

Tilstandsrapportering om likestilling på leder- og medarbeidernivå

Betegnelse på rapporteringskrav:	2016	2015
Antall ansatte i embetet	151.00	147.00
Antall kvinnelige ansatte	105.00	102.00
Antall mannlige ansatte	46.00	45.00
Antall kvinner med personalansvar	7.00	6.00
Antall menn med personalansvar	7.00	7.00
Sum antall ansatte med personalansvar	14.00	13.00
Andel kvinner med personalansvar	4.64 %	4.08 %
Andel menn med personalansvar	4.64 %	4.76 %
Andel ansatte med personalansvar	9.27 %	8.84 %
Antall ansatte uten personalansvar	137.00	134.00
Antall kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	98.00	96.00
Antall mannlige medarbeidere uten personalansvar	39.00	38.00
Andel kvinnelige medarbeidere uten personalansvar	64.90 %	65.31 %
Andel mannlige medarbeidere uten personalansvar	25.83 %	25.85 %
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige ledere	64 855.00	61 337.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige ledere	66 750.00	67 332.00
Gjennomsnittlig månedslønn for kvinnelige medarbeider	43 951.00	40 178.00
Gjennomsnittlig månedslønn for mannlige medarbeidere	47 600.00	43 275.00

Gjennomsnittlig månedslønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Årstall	Prosent menn av alle ansatte pr. 31.12.	Prosent kvinner av alle ansatte pr. 31.12.	Månedslønn menn pr. 31.12	Månedslønn kvinner pr. 31.12	Prosentandel kvinners månedslønn av menns månedslønn pr. 31.12
Totalt i virksomheten	2016	31 %	69 %	47 600	43 951	92
Totalt i virksomheten	2015	31 %	69 %	47 103	41 474	88
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2016	3 %	3 %	78 915	73 427	93
Embetsledelse / dir. / adm.sjef	2015	4 %	2 %	75 436	70 991	94
Seksjonssjef / ass. dir.	2016	3 %	3 %	54 188	58 277	108
Seksjonssjef / ass. dir.	2015	4 %	2 %	56 435	51 683	92
Saksbehandler 1	2016	7 %	30 %	46 999	46 338	99
Saksbehandler 1	2015	8 %	23 %	47 528	45 000	95
Saksbehandler 2	2016	15 %	22 %	43 560	41 242	95
Saksbehandler 2	2015	13 %	30 %	40 912	39 904	98
Kontorstillinger	2016	3 %	10 %	35 489	34 834	98
Kontorstillinger	2015	3 %	11 %	33 210	33 374	100
Fagarb.stillinger	2016	0 %	0 %	0	28 283	Infinity
Fagarb.stillinger	2015	0 %	1 %	0	26 718	Infinity
Læringer	2016	0 %	0 %	8 008	8 008	100
Læringer	2015	0 %	1 %	0	13 200	Infinity

### 3 Årets aktiviteter og resultater

#### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

##### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

###### Generelt:

**Fylkesmannen har mange møtearenaer i løpet av året kor nasjonal politikk blir formidla. I Møre og Romsdal har vi 3 regionråd. "Fylkesmannens halvtime" er fast programpost på desse møta. Her stiller alltid Fylkesmann eller ass. fylkesmann. I tillegg har ofte direktørane faglege innlegg frå ulike tema i den nasjonal politikken.**

Vi arrangerer årleg to rådmannsdagar, kor alle nye rådmenn blir inviterte til fylkesmannen, og kor dei blir tatt med rundt på alle avdelingar og får ei kort innføring i kva oppgaver og rolle Fylkesmannen har i forvaltninga. Dette bidreg i stor grad til at det er lav terskel for å ta kontakt når samarbeidsbehovet er der.

**I tillegg kjem alle møteplassane som dei ulike avdelingane arrangerer for kommunane, og andre fellesarenaer:**

###### Oppvekst- og utdanningsavdelinga

Informasjon om nasjonal utdanningspolitikk blir gitt i fagmøter i oktober der kommunenivået er målgruppe etter at St.prp. er lagt fram. Vidare blir den nasjonale politikken konkretisert på møte med regionskontaktene som vi har i nov/des, og følgd vidare opp på dei regionale møta i jan/febr.

Vi har 3-4 møte med regionskontaktane gjennom året der vi får tilbakemelding på dei tiltaka dei gjennomfører.

I tillegg informerer vi om nasjonal politikk på heimesida vår.

###### Landbruk

Fylkesmannen legg stor vekt på å formidle nasjonale politikk og nasjonale føringar for kommunal landbruksforvaltning . Fylkesmannen samarbeider med næringa om møter og konferansar, og brukar både møteplassane og presse for å formidle nasjonal politikk. Gjennomføring av nasjonal politikk er også eit gjennomgåande tema i forvaltningskontrollane.

###### Miljøvern

Miljøvernpolitikken blir formidla i dialogen rundt arealforvaltning samt i andre enkeltsaker gjennom ulike formar for vedtak og tilsyn. Ein viktig arena for formidling av nasjonal politikk er samlingar for kommunar og med deltaking frå private aktører, med ulike tema innafor arealplan, klima, naturforvaltning, avfalls- og forurensningspolitikken.

###### Justis og beredskap

Fylkesmannen har fleire faste arenaer for å formidle nasjonal politikk knytt til samfunnstryggleik og beredskap. På våre faste møte i Fylkesberedskapsrådet, og med kommunane tek vi opp aktuelle tema som vert løfta fram i tildelingsbrev, stortingsmeldingar og i styringsdialogen med direktoratet. I tillegg har vi ein tett oppfølging med kommunane gjennom rettleiing og tilsyn med lov om kommunal beredskapsplikt.

Vi følge opp omsyn til førebyggande tryggleik i samfunnsplanlegginga gjennom vår rettleiing og høyringsuttalar til kommunale og regionale planar.

###### Helse-og sosial

Den årlege omsorgskonferansen, demenskonferansen, "Ringar i vatn" (samling for psykisk helse og rus) er nokre av møteplassane som ein formidlar den nasjonale politikken på. I tillegg kjem 4 årlege møter med leiarane i NAV, opplæring for nye i NAV med fleire. Vi har og gitt mykje rettleiing og innspel i det kommunale planarbeidet mellom anna på førebyggande helsearbeid og folkehelse.

##### Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

**Fylkesmannen har ansvaret for å samordne regional stat. Prosjektet med samordning av statlege motsegner viser oss at dette ikkje er berre enkelt å få til i praksis. Det handlar mest om knappe tidsrammar. Prosjektet har imidlertid bidratt til at ein må samarbeide betre for å forenkle arbeidet ovanfor kommunane.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har årlege møter med kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariata. Vi har og hatt 2 årlege møtar med til biskopen. Fylkene i Midt Norge har samarbeidd om totalforsvarsmøte ein gong i året. Dette er ein særskilt viktig arena for samordning av beredskap.

Både kommunereformarbeidet og vår satsing på barn og unge har ført til enda betre samordning både internt og eksternt.

###### Miljø

Innan miljøforvaltninga har vi tett og god samhandling med statlige verksemdar regionalt. Dette gjeld både Statens vegvesen, NVE, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Arbeidstilsynet og SNO. Vi har forskjellige møtepunkt for informasjonsutveksling og rolleavklaring, samt at vi i enkeltsaker har rutinar for samordning. I planarbeidet har vi fokus på samarbeid for å tilstrebe omforent statlig politikformidling ovanfor fylkeskommune, kommunar og andre aktørar som er involvert i plan- og utbyggingssaker. Vi har godt samarbeid med Fylkeskommunen innanfor plan, friluftsliv, fisk, vilt- og vassforvaltning. Tilbakemeldinga fra aktørene viser at det er positivt at staten samordnar og tenkjer heilskapleg.

## Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har fokus på oppgåva med å ha oversikt over og samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på regionalt nivå. Vi har i 2016 ferdigstilt FylkesROS. ROS-analysen er utarbeidd i tett samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, og med bidrag frå relevante regionale aktørar. Arbeidet med FylkesROS er godt forankra i fylkesberedskapsrådet, og i kommunane. Saman med FylkesROS fjellskred og FylkesROS sjø har vi no eit godt kunnskapsgrunnlag å jobbe vidare med.

Vi har dei siste åra gjort eit større arbeid med dei overordna beredskaps-planane for handtering av store fjellskred, der svært mange aktørar har eit beredskapsansvar frå lokale, til regionale og nasjonale myndigheiter. Som ei oppfølging av dette arbeidet arrangerte vi nasjonal fjellskredkonferanse – Åknes 2016 med om lag 200 deltakarar, og med representasjon frå heile landet. Som eit ledd i konferansen gjennomførte vi ei diskusjonsøving – Øving Åknes 2016 for å teste dei nye beredskapsplanverka og auke rolleforståing og samhandling mellom aktørane. Øvinga var nyttig og gav oss god læring til det vidare arbeidet.

## Landbruk

Landbruksavdelinga samarbeider godt med Innovasjon Norge – både direkte og gjennom det regionale partnerskapet. Landbruksavdelinga har etablert ein fast årleg møteplass mellom Mattilsynet og aktuelle avdelingar hos fylkesmannen. Informasjonsflyten mellom Mattilsynet og landbruksavdelinga har blitt langt betre dei siste åra – dette gjeld både informasjon som er relevant for handsaming av produksjonstilskota og saker som er knytt til dyrevelferd, beiting og tap på beite.

Landbruksavdelinga har gode relasjonar med FoU miljøa som arbeider mot grøn sektor. Vi deltar aktivt i planleggingsprosessar, og vi støttar prosjekt med særleg relevans for lokalt landbruk.

Landbruksavdelinga har fått på plass møter med vegvesenet for å diskutere arealbruk og disponering av overskotsmasser i samband med større samferdselsprosjekt.

## Helse-og sosial

Helse- og sosialavdelinga har deltatt på årleg møte med Mattilsynet. Fylkesmannen har over fleire år samarbeidd med politi- og vegvesen om trafikktryggleik knytt til behandling av førarkortsaker.

## Oppvekst- og utdanningsavdelinga

Vi har samordna oss internt med at barnevern er integrert i Oppvekst- og utdanningsavdelinga og får på den måten meir kunnskap og kompetanse om barnevern til skular og barnehagar.

## Betre oppvekst

Fylkesmannen i Møre og Romsdals satsing på barn og unge er kalla Betre oppvekst. Hovudmål er at barn og unge sin oppvekstvilkår skal vurderas i alle avgjerder og all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi jobbar kontinuerlig for samordning internt. Samtidig har vi fokus på kommunane sin aktivitet. I 2015-2016 vart tenestetilbodet og oppvekstvilkår kartlagd etter modell frå Sjumilssteget i Troms. Resultata munna ut i ein rapport om fylket kalla BarneByks og ein oppvekstkonferanse "våre barn - felles ansvar" med fokus på tverrfagleg samarbeid og sosiale skilnader.

## Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivarettatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

### Oppvekst og utdanningsavdelinga

I tilsyna har Utdanningsdirektoratet ein koordineringslogg t.d. på det felles nasjonale tilsynet som vi har gjennomført no i 2016 der vi får avklart spørsmål som blir sendt inn frå embeta som gjer at vi blir samordna mellom fylka. I tillegg arrangerer Utdanningsdirektoratet koordineringssamlinga for det felles nasjonale tilsynet-

Vi har oppretta ei gruppe av saksbehandlarar for embeta i Region Midt (Nord- og Sør-Trøndelag, Oppland, Hedemark og Møre og Romsdal) der saksbehandlarar vert samla, går gjennom klagesaker for å lære av kvarandre og sikre meir lik behandling.

### Justis og- beredskapsavd.

Ordninga med fri retts hjelp er særst viktig for rettstryggleiken for svake grupper i samfunnet og personar med dårleg økonomi. Frå 2015 til 2016 har antall henvendingar på området auka med 544. Auka er særleg knytt til asylsaker, arbeidsrett, trygderett og familierett som ein legg til grunn har samanheng med utviklinga i samfunnet elles. Sakshandsamingstida for saker etter lov om fri retts hjelp har auka frå 3 til 4-5 veker dei siste åra. Det er viktig for rettstryggleiken til desse gruppene at området vert styrka.

På verjemålsprosjektet nådde vi resultatmåla som var sett for 2016, og rettstryggleiken for dei verjetrengande var ivareteke. Med den økonomiske ramma som er stilt til disposisjon for 2017, er vi uroa for at vi ikkje når resultatmåla framover.

Saker etter plan- og bygningslova utgjør ein vesentleg del av vår klagesaksbehandling, og vi har god kompetanse på dette området. Vi får mange spørsmål frå kommunane om forståinga av dette regelverket, og vi rettleiar mykje over telefon. Vi har i 2016 ikkje hatt kapasitet til å drive meir utstrakt rettleiing i form av konferansar, deltaking i ulike nettverk mv. Vi ser likevel at det er eit klart behov for meir rettleiing av kommunane på dette saksområdet.

## Landbruk

Fylkesmannen følgjer opp kommunane med rettleiing om regelverk og tilskotsordningar, slik at like saker blir handsama likt i fylket. Vi har god kontakt med overordna organ og med andre embete for å sikre at regelverksforvaltninga er i tråd med nasjonale føringar og praksis i landet elles.

## Miljø

Fylkesmannen si deltaking i regionale plannettverk bidrar til meir einskapleg praksis og likt nivå for bruk av motsegn i arealplanar. Elles samarbeider vi med fleire andre fylke innanfor dei tema der vi finn dette relevant. Vi prioriterer brei deltaking på hovudfagsamlingane vår og haust, i regi av Miljødirektoratet. Dette er ein nyttig arena for å kunne diskutere felles utfordringar og med nivellering av praksis på tvers. Dette er og ein arena der den enkelte kan bygge faglege nettverk på tvers.

### Helse-og sosial

For å sikre rettstryggleiken på særers sårbare områder i dei kommunale helse- og omsorgstenestene har vi hatt tilsyn med bruk av tvang og samtykkekompetansevurderingar i sjukeheimar og på tenester til og bruk av tvang mot, personar med utviklingshemming. Det vart avdekt lovbrøt i alle tilsyna og vi har gitt rettleiing og opplæring i lovverket særskilt til dei mest utsette kommunane.

Fylkesmannen har stort fokus på rettstryggleik gjennom sakshandsaming på helse-og sosialområdet.

Vi nyttar Statens Helsetilsyn og Helsedirektoratet sine rettleiingar. Vi gir mykje råd og rettleiing til tenestene gjennom handsaming av klagesaker. Fylkesmannen gjer også opplæring i lovforståelse på fleire områder. Forvaltningskompetansen varierer mye mellom kommunene og Fylkesmannen prioriterer å gi opplæring til særleg sårbare kommuner. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek i regionale samarbeid for å sikre eins handsaming av tilsyn og klagesaker innan helseområdet og for å lære av kvarandre når det gjeld utviklingsarbeid på tvers av embeta.

### Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Gjennom styrings- og dialogmøter meiner vi at vi held sentrale myndigheter godt orientert om tilstanden i Møre og Romsdal. Det har vore nødvendig å melde om avvik på manglande måloppnåing på nokre område pga ressursmangel. Dette er sendt direkte til aktuelle departement og direktorat.

### Justis og beredskapsavdelinga:

Det er ei utfordring å rekruttere tilstrekkeleg med kompetente verjer i fylket. Dette er Justis og beredskapsdept. varsla om ved fleire høve, men det er såpass alvorleg at vi finn grunn til å rapportere særskild om det i årsrapporten:

For å kunne gjere ein god jobb for den verjetrengande, må verjen ha god kjennskap til dei ulike tjenestetilboda som finns i Noreg, og han må være villig til å stå på for den verjetrengande sine rettar. Vidare må ein verje ha god struktur, økonomiforståing og gode evner til samarbeid.

Fylkesmannen ser at det er utfordrande å finne gode verjer som oppfyller desse kriteria. Noko av utfordringa ligg i honoreringa. Arbeidsmengda står ofte ikkje i forhold til betalinga som er fastsatt i lov og forskrift. Verjene prøver å halde timetalet nede slik at verjetrengande ikkje må betale meir enn det som er absolutt naudsynt. **Dette utfordrar rettstryggleiken til den verjetrengande.**

#### 3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

##### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

FMMR har på plansaksområdet hatt fokus på dei områda som er vektlagt i Tildelingsbrevet for 2016. Embetet har etablert faste ordningar og rutinar for plansamordning som ivaretar eit breitt tverrfaglege perspektiv med innspel i høyringssaker frå alle fagavdelingane. Formålet med den interne organiseringa av plansamordninga er å finne gode løysingar i skjæringspunktet mellom nasjonale, regionale og lokale mål og interesser. Klagesaker og byggesaker etter plan- og bygningslova vil i hovudsak vere lagt til Justis- og beredskapsavdelinga. Desse sakene er ikkje del av plansamordninga.

Det er lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møte, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom kurs og konferansar, dei regionale plannettverka og regionalt planforum. Gjennom oppfølging med lov om kommunal beredskapsplikt (rettleiing, planlegging, tilsyn og øving) har Fylkesmannen bidratt til at arbeidet med samfunnsstryggleik og beredskap er meir heilskapleg og i større grad tas inn i den overordna samfunnsplanlegginga og arealbruken.

FMMR har frå 01.04.2015 deltatt i den utvida forsøksordninga med statleg samordning av motsegn av kommunale planar. I samband med dette er det laga egne rutinar og prosedyrar for plansaker som omfattar innspel frå andre statsetatar.

Ved embetet blir det utarbeidd eigen kvartalsvis statistikk og rapportering knytt til plansaksbehandlinga. Kort oppsummert viser oppgåvene knytt til plansamordning i 2016 at:

- aktiviteten på plansida er stor med t.s. 1149 plansaker/ekspedisjonar, fordelt på 479 plansaker og 640 dispensasjonssaker
- det er stor breidde og variasjon i sakene i forhold til både innhald og kompleksitet; dei fleste plansakene har ein klar tverrfagleg karakter og er avhengig av innspel frå ulike fagavdelingar og fagmiljø i embetet
- plansakene og dispensasjonssaker fordeler seg svært ulikt på kommunane; nokre kommunar har vesentleg større aktivitet og fleire saker enn andre
- talet på motsegner i arealplansaker ligg på nivå med tidlegare år; flest motsegner knyter seg til tema *Barn og unge*, samt manglar i samband med *Støytvurderingar* og *ROS-analyse*
- tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konflikter kan avklarast og løysast tidlegare; færre arealplansaker går til meking
- kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane
- FMMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt

planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpende plansaksbehandlingen

- kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel
- kommunane er godt i gang med sine planstrategiar for perioden 2016 – 2020 der koplingane til kommunereformarbeidet og etablering av nye kommunar har stått sentralt; alle fagavdelingane i embetet bidrar her aktivt med innspel til våre høyringsbrev til kommunane
- forsøket med statleg samordning av motsegn til kommunale planar har gitt Fylkesmannen ei utvida rolle i forhold til plansamordning; i 2016 omfatta dette 22 saker der Statens vegvesen åleine var involvert i 17 av desse

#### Landbruk:

I jordbruket blir det lagt vekt på gode ressursbruk i inn- og utmark, og agronomisk praksis som gjer at utsleppa til luft og vatn blir så små som mulig. Fokus på jordvernet er viktig, og også å halde trykket oppe rundt aktiv drift og driveplikt. Fleire av ordningane i Regionalt miljøprogram, samt SML og Tilskot til drenering er innretta for å få god agronomi, lave utslepp og god ressursutnytting.

#### Resultatmål 3.1.1.1.1

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Gjennom kommunebilder i forbindelse med kommunebesøkene formidles nasjonale forventninger til kommunene. Nasjonale og regionale omsyn i plansaker etter plan- og bygningslova har vore formidla til kommunane i ulike samanhengar og på ulike arenaer. Dette omfatter:

- Kontakt, dialog og rettleiing i den løpende plansaksbehandlingen
- Høyringsfråsegner i kommunale plansaker
- Høyringsfråsegner i samband med ny runde med kommunale planstrategiar for perioden 2016-2020
- Regionalt planforum
- Regionale plannettverkssamlingar
- Regionale kurs og konferansar
- Møte og samlingar knytt til kommunereforma
- Møte med enkeltkommunar; jf. oppstart av kommuneplanrullering, politikaropplæring, rådmannssamlingar
- Planinformasjon på FMMR si heimeside med lenker til aktuelle planfaglege ressursar

Ei generell utfordring for fleire av kommunane i fylket har vore mangel på oppdaterte kommuneplanar. Gjennom førre runde med kommunal planstrategi varsla dei fleste kommunane i fylket oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar i kommunevalperioden (2011 – 2015). Dette omfatta både samfunns- og arealdelen. Status pr. 31.12.2016 viser at dei fleste av kommunane har fått gjort vedtak om nye oppdaterte kommuneplanar, eller er godt i gang med slik rullering. Samla inngår dette som eit viktig verktøy for samfunnsstyring og tenesteproduksjon.

Kommunane har i 2016 arbeidd med utkast til nye kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2020. Av fylket sine 36 kommunar har 29 av desse pr. 31.12.2016 oversendt strategiutkast til høyring. Frå embetet si side som høyringsinstans har dei kommunale planstrategiane hatt høg prioritet, og i våre høyringsfråsegner har det m.a. vore lagt stor vekt på å involvere alle fagavdelingane.

Fleire nabokommunar har i samband med planstrategiarbeidet samarbeidd knytt om felles kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde. Koplingar til utgreiingsarbeidet i samband med kommunereforma er her tydeleg, og vi ser også at det regionale perspektivet gjennom dette har fått auka merksemd. Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar har kommunane i sterkare grad retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som barn og unge, levekår, folkehelse universell utforming og klima. I arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ser vi ofte at dette er tema som inngår som gjennomgåande perspektiv

#### Resultatmål 3.1.1.1.2

##### Rapportere på

Prinsippene i de statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Prinsippa knytt til dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er lagt inn som fast sjekkpunkt i alle plansaker.

Temaet har også stått på dagorden i samband med faglege møte, kurs og konferansar.

Det er utarbeidd standardtekstar på temaet til bruk ved planoppstart.

#### Resultatmål 3.1.1.1.3

**Rapportere på**

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100%

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Lovverket stiller her store krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Meir konkret ser vi m.a. her at FM MR i dei siste åra har lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, med oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konfliktar i plansaker.

Embetet har i 2016 fremma motsegn til 79 planar; av dette 69 reguleringsplanar og 10 kommune(del)planar. Talet på motsegner ligg om lag på nivå med tala frå dei siste føregåande åra. I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Dei fleste motsegnene er av «teknisk» karakter. Alle motsegnssaker vart løyst undervegs i planprosessen; ingen av desse gjekk til mekling i 2016.

**Resultatmål 3.1.1.1.3.2**

**Rapportere på**

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100%

Fylkesmannen har i 2016 gjennomført fire meklingsmøte. Alle sakene omfattar reguleringsplanar. Fylkeskommunen, Statens vegvesen og Kystverket har hatt motsegn i samband med ei eller fleire av desse. Fylkesmannen ikkje har vore part i nokon av meklings sakene. Fylkesmannen har lagt vekt på at konflikter og motsegner i større grad blir løyste undervegs i planprosessen gjennom dialog-/forhandlingsmøte mellom dei involverte partane. Gjennom dette har ein lykkast å finne løysingar utan å ta saka til mekling

Fylkesmannen har i 2016 hatt tre uavklarte motsegnssaker for vidareending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette omfattar *Kommuneplan for Sandøy* der Kystverket har motsegn til eit utbyggingsområde i hamneområdet i Steinshamn, *Kommuneplan for Sula* der Fylkesmannen har motsegn til punktet om flytebrygger og nauststorleik i planføresegnene, samt sak knytt til *Områderegulering av Sykkylven sentrum* med motsegn frå fylkeskommunen av omsyn til automatisk freda kulturminne. Departementet har gjort vedtak i saka med Sandøy kommune; jf. brev av 22.08.2016. Kystverket fekk delvis medhald si motsegn til planen. Sakene med Sula og Sykkylven er for tida til behandling i departementet.

**Mekling i planprosesser med uløste innsigelser**

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

**Resultatmål 3.1.1.1.4.1**

**Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til klimaendringer.

- Ja. Det vurderes om planforslaget ivaretek tilpasning til eit klima i endring, med særleg fokus på meir nedbør og havnivåstiging, i ROS-analyse og i oppfølginga av denne.

**Vurdering av konsekvenser av klimaendringer i planer**

Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til klimaendringer?
Ja

**Resultatmål 3.1.1.1.5.1**

**Rapportere på**

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet.

Vi vurderar alle planar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap, om dei har ROS analysar som fangar opp aktuell risiko, og om avdekt risiko blir følgt opp i planføresegner.

Vi har laga ein risikosjekk som er tilgjengeleg for alle i vår kartportal [www.gislink.no](http://www.gislink.no) der kjente aktsemdskart og faresonekart for ulike risikoelement som skredfare, flaumfare osv. kan nyttast for å avdekke risiko for aktuelle planar.

Det er utarbeidd standardtekstar på temaet til bruk ved oppstart av planarbeid.

**Vurdering av konsekvenser av samfunnssikkerhet i planer****Er alle planer etter plan og bygningsloven vurdert med hensyn til samfunnssikkerhet?**

Ja

**Resultatmål 3.1.1.6.1****Rapportere på**

Landbrukets og reindriftens arealressurser er ivarettatt i alle planprosesser.

I alle planprosesser og dispensasjonssaker er arealressursane til landbruket eit tema. Dette gjeld både for kommuneplanar og reguleringsplanar. Fylkesmannen trekker fram den nye nasjonale jordvernstrategien, og viser til at jordvernet må vege tyngre i alle saker dersom det nye målet skal vere innanfor rekkevidde.

**Resultatmål 3.1.1.6.2****Rapportere på**

Reduksjon i omdisponering av dyrket mark sammenlignet med 2014.

Fylkesmannen er høyringspart i alle plan- og dispensasjonssaker. Omsynet til landbruk er ei vesentleg interesse i mange saker, og motsegninstituttet og klageadgangen blir nytta når det fattast vedtak der landbruksinteressene ikkje er tilstrekkeleg ivarettatt. Dialog med kommunane er høgt prioritert, og Fylkesmannen stiller fast i planforum for å komme tidleg på banen og informere om jordvernet. Frå 2010 til 2015 var det iflg. KOSTRA omdisponert årleg i gjennomsnitt 408 dekar dyrka jord i Møre og Romsdal. Det krevst såleis ei skjerpning av praksisen dersom fylket skal gjere sin del av jobben med å få ned omdisponeringa i tråd med den nasjonale jordvernstrategien.

Kostratal viser at i 2015 vart det omdisponert 403 dekar dyrka jord i Møre og Romsdal (etter både jordlov og plan- og bygningslov). I 2014 utgjorde omdisponeringa 533 dekar. Det er såleis ein tydeleg nedgang frå 2014 til 2015, men ein kan ikkje legge for mykje vekt på enkeltår, men sjå på trenden i utviklinga. KOSTRA-tala for 2016 ligg ikkje føre så tidleg på året.

**3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet**

Ut frå resultatmåla under dette delmålet vurderer vi å ha god måloppnåing på dette delmålet.

Vi arbeider kontinuerleg med å bli betre på dette m.a. med systematisk kontakt med representantar for barnehage- og skulesektoren i fylket, såkalla "regionskontaktar". Vi har egne arenaer der desse får kome med tilbakemeldingar og innspel til korleis vi skal drive informasjon og veiledning.

**Resultatmål 3.1.1.2.1****Rapportere på**

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innanfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Som det kjem fram av tabellen får Møre og Romsdal eit score på 4.0 i 2016. Når landsgjennomsnittet var 3.67 i 2015, indikerer dette svært god måloppnåing.

**Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.**

**Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innanfor kompetanseutviklingstiltak**

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
0.3	3.7	4.0

**Resultatmål 3.1.1.2.1.2****Rapportere på**

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innanfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Som det kjem fram av tabellen, som er tal for landsnivå er det ein nedgang i rapportert tilfredshet frå 2015 til 2016.

Om dette gjeld for Møre og Romsdal har vi då ikkje tal på, men gjennom vår kontakt med skuleeigarane opplever vi høg tilfredsheit med veiledning om kompetanseutviklingstiltak. Fylkesmannen har egne medarbeidarar med ansvar for dei ulike kompetanseutviklingsområda. Avdelinga har oppretta eigen funksjon som koordinator for kompetanse og kvalitetsutvikling. Dette for å få ei heilskepeleg tilnærming til området.



Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.

**Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak**

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
58.0 %	- 11.0 %	47.0 %

**3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap**

I mai gjennomførte vi den årlege fagsamlinga for kommunale beredskapsmedarbeidarar, med 29 deltakarar frå 27 kommunar. Tema for samlinga i 2016 var handtering av uønskte hendingar ved skule og barnehage (PLIVO), FylkesROS og heilskapleg ROS i kommunane, DSB-CIM, kommunal atomberedskap og erfaringsdeling mellom kommunane.

I desember arrangerte vi den årlege fagdagen om DSB-CIM for alle kommunane, der praktisk bruk av DSB-CIM er tema.

I oktober gjennomførte vi ei øving for kommunal kriseleiing, som vart tilbudt alle kommunane i fylket. Øvinga omhandla ei uønska hending på skule. 29 av 36 kommunar deltok, og tilbakemeldingane har vært at øvinga var nyttig og at kommunane har hatt godt utbytte. Øvinga inkluderte og trening i å handtere mottak, vidarevarsling og handtering av beredskapsvarsel frå Fylkesmannen, og er lagt opp for å gi god trening i bruk av DSB-CIM i kommunane. I tillegg har vi gjennomført ei enkel varslingsøving for kommunane utanfor kontortid der alle 36 kommunane responderte.

I samband med Nasjonal fjellskredkonferanse vart kriseleiinga i 10 kommunar rundt Storfjorden øvd i ei diskusjonsøving. Representantar frå andre kommunar (frå Rauma og Kåfjord) med tilsvarande utfordringar deltok som kontrollarar hos dei ti kommunane.

**Resultatmål 3.1.1.3.1.1**

**Rapportere på**

Gjennomført tilsyn i ¼ av kommunene.

Vi vart ferdigde med første runde med tilsyn for alle dei 36 kommunane våren 2016.

Hovudintrykket etter første runde med tilsyn med kommunane sitt beredskapsarbeid er at det er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass. Vi har likevel mange avvik knytt til at den heilskaplege ROS analysen ikkje oppfyller alle krav i lov og forskrift. 5 av 36 kommunar fekk ingen avvik.

Vi starta opp igjen med ny runde tilsyn hausten 2016. Ein av kommunane bad om, og fekk flytta tilsynet til januar 2017, og vi fekk difor gjennomført eit tilsyn mindre enn planlagt for 2016. Vi har ein plan for å komme gjennom alle dei 36 kommunane i løpet av fireårsperioden.

**Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt**

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	- 8.33	16.67 %	36.00	6.00

*Vi vart ferdigde med første runde med tilsyn for alle dei 36 kommunane våren 2016. Vi starta opp igjen med ny runde tilsyn hausten 2016 med plan. Ein av kommunane bad om, og fekk flytta tilsynet til januar 2017 pga sykdom i leiinga, og vi fekk difor gjennomført eit tilsyn mindre enn planlagt for 2016. Vi har ein plan for å komme gjennom alle dei 36 kommunane i løpet av fireårsperioden.*

**3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven**

Alle NAV kontor i fylket har fått tilbud om 2 dagers innføring sosialtjenesteloven (STL) i september. STL er tema på alle 4 NAV ledermøtene i året. Vi deltar også med STL tema på ny i NAV, del to - veien til arbeid og velferd. Vi veileder alle som henvender seg.

**Resultatmål 3.1.2.1.1.1**

**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

Alle NAV kontor i fylket har fått tilbud om 2 dagers innføring sosialtjenestelova (STL) i september. STL er tema på alle 4 NAV ledermøtene i året, vi går igjennom forskjellige §§ kvar gong, og snakker om korleis lova er å forstå. Vi deltar også med STL tema på ny i NAV, del to - veien til arbeid og velferd (1 dag) Vi lyste også ut midlar til fagdager i NAV sine 3 tenesteområder, med tema sosiale tenester i NAV. Sjølv lovverket blei i liten grad fokusert. Vi gjev rettleiing til alle som kontaktar oss (hovudsakleg på telefon og e-post).

**Opplæringstiltak for NAV**

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	30	30

*det er færre NAV kontor enn antall kommunar - dette pga interkommunalt samarbeid*

### 3.1.1.5 Øke tilgjengelighet og kapasitet, samt styrke kvalitet og innovasjonsevne i helse- og omsorgssektoren og i folkehelsearbeidet

#### Helse og omsorg:

Det har vore arbeid systematisk med tilgjengelighet, kapasitet, kvalitet og innovasjonsevne mellom anna i møter, konferansar og læringsnettverk. Vi ser auka forståing for innovasjon i søknader for kompetanse- og innovasjonstilskot.

Statistikk frå 2015 syner at andel årsverk med relevant utdanning har ei auke i fylket, der ein ligg litt over landsgjennomsnitt.

Sjølv om mange tiltak er sett i verk, er det framleis behov for å styrkje kapasitet og kvalitet i demensomsorga og halde fram arbeidet med å kvalifisere og auke delen av personell med relevant fagutdanning i brukarretta tenester.

#### Folkehelse

Det er 17 av 36 kommunane som har utarbeidd oversiktsarbeid jamfør krava i folkehelseoven. Fylkesmannen har gitt vurderingar på folkehelseområdet i alle planstrategiane som fylkesmannen har motteke i 2016. I samarbeid med fylkeskommunen følgjer Fylkesmannen opp kommunar som har kome kort i arbeidet med å etablere et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. Fylkeskommunen skal saman med Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet arrangere fagdag om det systematiske folkehelsearbeidet i februar 2017 som ein del av oppfølginga av kommunar som er kome kort i arbeidet.

Det er gitt tilskot til to kommunar som skal arbeide for å auke deltakinga i FRI-programmet.

#### Førebyggjande helse

Det er gjennomført ei kartlegging av årsverk i helsestasjons- og skolehelsetenesta. Dei siste åra har kommunane fått auka frie inntekter til styrking og vidareutvikling av helsestasjons- og skolehelsetenesta. Totalt sett er ikkje auka i årsverk i samsvar med veksten av midlar. Gjennom kartlegging kom det fram at berre eit fåtal av kommunane har plan for helsestasjons- og skolehelsetenesta.

Det er etablert frisklivssentral i 14 kommunar. Det er utvikla ulike tiltak innan frisklivssentralane, men tiltak innan fysisk aktivitet og kosthald er dei områder som det er særskilt stor aktivitet. I tillegg har fleire kommunar tilbod for barn og unge og deira foreldre innan førebygging av overvekt i samarbeid med helsestasjonstenesta. Det er etablert samarbeid med utviklingssentralen for friskliv i region Midt-Norge for kompetanseauke. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Utviklingssentralen for Midt-Norge og Helse Midt-Norge RHF har arrangert felles regional samling i 2016. Det var fem kommunar som fekk tilskot til etableringa og utvikling av frisklivssentral i 2016.

#### Smittevern

Gjennomført smittevernkonferanse 17. og 18. oktober 2016. Godkjend som emnekurs for legar, 12 timar. Emna var mellom anna Handlingsplana og retningslinjane for antibiotikaresistens. 73 deltakarar frå kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Legar, leiarar og ansvarlege for smittevern i kommunane. Om lag halvparten av forelesningane blei halde av ansatte ved Folkehelseinstituttet og Antibiotikasenteret for primærmedisin. Dei øvrige frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Mattilsynet og kommunehelsetenesta i fylket.

#### Resultatmål 3.1.3.1.1.1

##### Rapportere på

Alle kommuner har utarbeidet lokale helse- og omsorgsplaner som del av det helhetlige kommuneplanarbeidet.

Alle kommunane i fylket har helse- og omsorgsplaner, men fleire av desse er av noko eldre dato. Mange planar manglar tema som til dømes førebygging, rehabilitering og velferdsteknologi. Helse- og sosialavdelinga har gjeve innspel til alle dei 30 planstrategiane som er komme til høyring i embetet i 2016. Gjennom planstrategiane ser vi at fleire kommunar planlegg revisjon av sine helse- og omsorgsplaner. Vi har til samtlige kommunar gjeve det klare råd at dei bør utarbeide ein heilskapleg plan for eit samla helse- og omsorgsfelt.

*Vi har vidare bedt om at planane for helse- og omsorgsfeltet følger plan- og bygningslova sitt krav på kommuneplanens samfunnsdel, og at Fylkesmannen får helse/omsorgsplanar til gjennomsyn. Vidare har vi bedt kommunane sjå til at planane for helse- og omsorgsfeltet vert sett i samanheng med kommunane sine boligsosiale planer og ruspolitiske handlingsplanar.*

#### Resultatmål 3.1.3.1.2.1

##### Rapportere på

Alle kommuner har iverksatt tiltak for å bedre kvaliteten på tjenestetilbudet til personer med demens.

Alle kommunar i fylket har demensomsorg på dagsorden. I 2011 hadde 17 kommunar i vårt fylke særskilt tilrettelagte dagaktivitetstilbod for personar med demens. I september 2016 var dette talet auka til 31 kommunar, inkludert dei kommunane som hadde søkt tilskot til nye tilbod. Det inneber ein auke på om lag 40 prosent. Kommunar som ikkje har særskilt tilrettelagte dagaktivitetstilbod, inkluderer personar med demens i anna dagtilbod for eldre. Kartlegginga viser også auke i talet på pårørandeskular og demensteam. Møre og Romsdal har stor aktivitet i demensomsorgas ABC med 3546 deltakere i perioden 2010-2015. Møre og Romsdal er det fylket som har hatt flest deltakarar i dette opplæringstiltaket og det er framleis høg deltaking i 2016.

#### Resultatmål 3.1.3.1.3.1

**Rapportere på**

Alle kommuner har oppnådd en økt andel ansatte med relevant utdanning sammenliknet med 2015.

Kostratall for 2016 er ikkje klare. Vi har pr. dato ikkje anna oversikt over personellsituasjonen i kommunane, enn oversikt over tildelt tilskot jf. kap.761, post 68.

Fylkesmannen har gitt støtte til kompetansehevendende tiltak til:

- 162 personar vidaregåande skule nivå
- 31 personar fagskule utdanning
- 130 personar bachelor utdanning
- 306 personar videreutd. på høgskulenivå
  - 25 av desse er innan psykisk helsearbeid og rus
- 2484 personar har fått internopplæring (ABC-pakkar og kurs o.l.)
- 13 personar har fått arbeidsleiaropplæring BPA
- 11 personar har deltatt på sakshandsamaropplæring BPA
- 12 personar har deltatt på assistentopplæring BPA

**Resultatmål 3.1.3.1.4.1****Rapportere på**

Alle kommuner skal ha deltatt i kompetansehevendende program.

Alle kommunar med unntak av 1 har motteke tilskot frå Kompetanseløftet 2020.

**3.1.1.6 Økt kapasitet og kompetanse om psykisk helse og rus, med satsing på bedre forebygging og sammenhengende tjenester**

Innspel til 30 kommunale planstrategiar og dei ruspolitiske planane som er sendt til fylkesmannen for uttale. Tildelt tilskot innan rusfeltet til 20 kommunar. Gitt tilbod om kompetansehevendende tiltak til alle kommunar, i samarbeid med KoRus, NAPHA og spesialisthelsetenesta. Nært samarbeid med KoRus om tilbud til kommunane mellom anna innan *BrukerPlan* og *Ansvarlig alkoholhåndtering*. Jobbar tett med folkehelse og bustadsosiale satsingar. Mange små kommunar i fylket er utfordrande for fagkompetanse på rusfeltet. Ein del slit med å få tilsette med spisskompetanse på rus. Ulik satsing på dette området, men eit stigande tal som tar grep og ser rusfeltet i samanheng med andre tilgrensa områder.

**Resultatmål 3.1.3.2.1.1****Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har tatt i bruk BrukerPlan eller lignende kartleggingsverktøy i sitt planverk.

21 kommuner har kartlagt ut frå BrukarPlan. Fylkesmannen samarbeidar med KoRus om å få fleire kommunar til å ta det i bruk. Mellom anna var det eige tema i kompetansehevendende tiltak i 2016 og vert også etterspurt ved tildeling av tilskotmidlar til kommunalt rusarbeid og ROParbeid i kommunane. KoRus arrangerte fire opplæringsdagar om BrukarPlan der Fylkesmannen også var med.

**Resultatmål 3.1.3.2.2.1****Rapportere på**

Alle kommuner i fylket har deltatt i kompetansehevendende tiltak på rusfeltet.

Fylkesmannen og KoRus har mange kompetansehevendende tiltak gjennom året. Den største samlinga, arrangert av Fylkesmannen saman med KoRus, NAPHA og spesialisthelsetenesta er fagsamling for rus og psykisk helsefeltet for både kommunar og spesialisthelsetenesta. 26 av 36 kommunane var med.

**Resultatmål 3.1.3.2.3.1****Rapportere på**

Alle kommuner har dokumentert kapasitetsvekst i lokalt rus- og psykisk helsearbeid sammenliknet med 2015.

Vi har kun tal frå IS-24/8 som kan vise ei endring i tal på kapasitet. Viss vi legg faktisk tal på stillingar til grunn er det oppgang i 9 kommunar og nedgang i 5 kommunar (telt i heile stillingar). Vi er usikre på om tala frå IS-24/8 er eit godt utgangspunkt. Det kan sjå ut til at kommunane vurderer stillingar som vert rapportert inn svært forskjellig.

**3.1.1.7 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester**

Økosystema i Møre og Romsdal har vore utsatt for menneskeleg påverking over lang tid, der noko av den største trusselen for det biologiske mangfaldet er fragmentering av viktige leveområde. Det er aukande press på areal til ulike formål (vegutbyggingar, bustader, fritidsbustader, næringsutvikling med meir). Samstundes er mange fremmande artar på sterk frammarsj. Dette skaper problem for forekomsten av stadeigne artar og representerer ein stadig aukande trussel for det biologiske mangfaldet. For å unngå framtidig tap av biologisk mangfald, er det nødvendig med eit godt kunnskapsgrunnlag og med overordna og langsiktig planlegging av dei rette tiltaka.

Utarbeiding av fylkesvis kultiveringsplan vart utsett til 2017 pga av at Miljødirektoratet ikkje fikk utarbeida ein mal for korleis dette skulle gjerast slik planen var.

**Resultatmål 3.1.4.1.1.1****Rapportere på**

Restaureringsprosjekter skal være igangsatt i henhold til plan 2016-2020 for restaurering av myr og annen våtmark.

**Resultatmål 3.1.4.1.2.1****Rapportere på**

Overvåkingsprogram er igangsatt i alle vannregioner.

Vi har hatt fokus på å forbetre kunnskapsgrunnlaget gjennom bruk av overvåkingsmidlar i kystnære sjøområder. Det er prioritert midlar til marin kartlegging i 2016. Det er stor utviklingsaktivitet i våre sjøområde innanfor maritim næring, akvakultur, fiskeri og infrastruktur. Naturressursane i sjø er utvilsamt svært store, men vi har mangelfull kunnskap om dei. For å sikre bærekraftig utvikling i sjøområda treng vi ei vesentleg styrking av kunnskapsgrunnlag. Fylkesmannen har dei siste åra medfinansiert slik overvaking saman med fylkeskommunen, kommunar, andre statlege etatar og privat næringsliv.

I Drivaregionen vart det satt i gang eit prosjekt med kartlegging av sjøaure og dei fysiske tilhøva i sidebekkar i elvane med gyro i Drivaregionen.

**Resultatmål 3.1.4.1.3.1****Rapportere på**

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2015.

Fylkesmannen har gitt råd til NVE om at det måtte gjevast pålegg til Eidsdal Kraft om oppfølgande fiskeribiologiske undersøkingar då det er mistanke om at minstevassføringa ovanfor kraftverket har gitt negative verknader for reproduksjonen av laks i Eidsdalselva. Vi deltar også aktivt i oppfølging av krava til kompensasjonstiltak for anadrom fisk i større kraftregulerte vassdrag som Eira, Surna, Bævra og Toåa.

**3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring**

Vi har hatt stort aktivitet på aktiv skjøtsel for å bidra til å nå bevaringsmåla for dei ulike verneområda og i utvalgte naturtypar. Det er og satsa mykje på skjøtsel av dei utvalde naturtypane slåttemark og kystlynghei.

Det er gjort eit arbeid på registrering av status for hubro og det er gjennomført tiltak på straumnettet for å berge hubro.

Utviklinga i sjøfuglbestandane er framleis negativ. Hekkeresultatet for teist er det dårlegaste sidan registreringane starta. På Runde er det tilbakegang for krykkje, havhest, lomvi, alke og lunde.

Arbeid med bevaringsplan for Drivaregionen starta opp hausten 2016 og skal vere ferdig i løpet av februar 2017.

Reetableringsarbeidet for laks og sjøaurestammene i Raumaregionen går etter planen.

**Resultatmål 3.1.4.2.1.1**

**Rapportere på**

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

**Arbeid med og forvaltning av trua naturtyper og trua arter, inkludert utvalgte naturtyper og prioriterte arter**

Hvilken art / naturtype	Type tiltak	Utdyping av, eller kommentar til, gjennomført tiltak	Der det er handlingsplan/faggrunnlag: Koordinerende FM oppgir hvilke fylker det var oppfølging av HP/FG i 2016?	Hvordan ble midler fra koordinerende FM fordelt til andre fylker?	Sum brukt	Ev. oppdragsnr.
Slåttemark	Skjøtsel	Tilskudd til skjøtsel og utstyr på 141 lokaliteter. (Det ble også gitt tilskudd fra Regionalt miljøprogram till 51 lokaliteter. Til sammen fikk 148 lokaliteter tilskudd)		Annet	2 159 900	
Kystlynghei	Skjøtsel	Tilskudd til skjøtsel og utstyr på 8 lokaliteter. (Det ble også gitt tilskudd fra Regionalt miljøprogram til 15 lokaliteter. Til sammen fikk 19 lokaliteter tilskudd.)		Annet	435 000	
Slåttemyr	Skjøtsel	Tilskudd til skjøtsel på 1 lokalitet		Annet	45 000	
Naturbeitemark	Skjøtsel	Tilskudd til skjøtsel på 1 lokalitet		Annet	40 100	
Slåttemark	Annet	Skjøtelsplaner for 12 lokaliteter		Annet	85 635	
Kystlynghei	Annet	Skjøtelsplaner for 18 lokaliteter		Annet	469 009	
Beitemarkssopper (og irsk myrklegg)	Kartlegging	Kartlegging av 6 trua beitemarkssopper, samt irsk myrklegg. I 2016 ble det gitt tilskudd til kartleggingen gjennom tilskuddsordningen for trua arter. I 2017 er det bedt om handlingsplanmidler.	Hedmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Oppland, Sør-Trøndelag	Annet	100 000	
Ask	Kartlegging	Registrering og kartfesting av ask i Ålesund kommune. Det ble også gjort en trusselvurdering.		Annet	78 000	
Storflaggermus	Annet	Oppsetting av kasser i Norddal kommune		Annet	16 000	
Krykkje	Annet	Sikring av hekkekoloni i Ålesund kommune		Annet	54 000	
					3 482 644	

**3.1.1.9 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø**

Utslepp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert fra dei fleste industriverksemdene som Fylkesmannen følger opp. Gjennom vårt tilsyns- og konsesjonsarbeid prøver vi å prioritere ressursane der vi får mest miljøeffekt. I 2017 gjennomførte vi 102 tilsyn. Vi har auka våre gebyrinntekter frå 2,3 MNOK i 2015 til 2,5 MNOK i 2016. Vi deltok på alle nasjonale tilsynsaksjoner.

Målet kan ikkje seiast å være oppnådd innanfor akvakultur. Her har utslipp av kjemikaliar auka i 2016, medan kunnskapsgrunlaget og vurdering av moglege effektar er mangelfullt.

Målet er heller ikkje nådd når det gjeld bygge- og riveavfall. Manglande oppfølging av regelverket for avfallsplanar og miljøsanering i PBL gjer at farlig avfall ikkje sorterast ut. Noko som forplantar seg vidare til sorterings- og behandlingsanlegga i fylket.

Kommunenes mangel på ressursar, kompetanse og prioritering av sin forureiningsoppgåver gjer også at vi ikkje når målet. Fylkesmannen arrangerte forureiningsseminar for kommunane med fokus på forsøpling i 2017. Vi gjennomførte brevtilsyn på luftforureining i dei tre største bykommunane.

**Resultatmål 3.1.4.3.1.1**

**Rapportere på**

Alle industri- og avfallsvirksomheter driver i tråd med nye krav i industriutslippsdirektivet.

Vi har eit anlegg for treimpregnering som kjem innanfor IED og som foreløpig manglar løyve. Andre anlegg som kjem innanfor har det vore jobba kontinuerlig med og skal etter det vi kjenner til drive innanfor krava, men vi har ikkje fullstendig oversikt innan utgangen av 2016.

**Resultatmål 3.1.4.3.2.1**

**Rapportere på**

Avløpsanleggene skal ha lukket alle avvik som ble påvist i 2015.

Vi gjennomførte kontroll av eit anlegg i 2010 og eit i 2014. Avvika frå disse kontrollane er no lukka. Den tredje tettstaden (to kommunar) som kjem inn under kap. 14 i vårt fylke har foreløpig ikkje vorte kontrollert. Vi har jobba svært tett med alle dei fire aktuelle kommunane, med utarbeiding av

nye utleppsløyver og møter for å ettersjå at dei følger opp sine framdriftsplanar. Mykje arbeid står att før alle driver i tråd med forskrifta.

### 3.1.1.10 God økonomiforvaltning i kommunene

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har prioritert oppfølging av våre 10 robek kommuner. En tett oppfølging og stram styring gir resultater. For nyinnmeldte kommuner i robek har vi tradisjon for at vi avlegger et besøk i kommunestyrene, og holder innlegg om god økonomistyring og forvaltning, og mulige veier ut av robek.

I tillegg har vi prioritert å ha samling for alle økonomisjefene i 2016 med god oppslutning.

#### Resultatmål 3.1.5.1.1.1

##### Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2016 ikke skal overstige antallet ved utgangen av 2015.

Møre og Romsdal hadde 7 kommunar innmeldt i Robek per oktober 2015 og 10 kommunar per oktober i 2016.

#### Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per okt'15	Kommuner per okt'16	Avvik
7.00	10.00	3.00

### 3.1.1.11 Kommunereform

Kommunereformprosjektet hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal blei avslutta 31.12.2016 i samråd med prosjektplana.

Alle 36 kommunane har delteke i reformarbeidet, og fatta endelege vedtak om framtidig kommunestruktur for sin kommune innan 1. juli 2016. *Nokon av kommunane har vore/er i prosessar også etter 1. juli 2016, og har fatta/skal fatte nye vedtak.*

Fylkesmannen sendte inn si tilråding til KMD innan fristen 1. okt. 2016, og sendte eit tillegg til tilrådinga datert 9. jan. 2017. Fylkesmannen tilrår 7 kommunar i fylket på lang sikt - og i eit kortare tidsperspektiv rår Fylkesmannen til 16 kommunar. Rindal kommune har søkt om overflytting til Trøndelag.

**Kommunar med positive gjensidige vedtak** (13 kommunar i Møre og Romsdal - samt 3 kommunar i våre nabofylke som til saman utgjer 6 nye kommunar):

- Volda og (Hornindal i Sogn og Fjordane) (Nye Volda kommune)
- Ålesund, Skodje, Sandøy og Ørskog (Nye Ålesund kommune)
- Molde, Nesset og Midsund (Nye Molde kommune)
- Fræna og Eide (namn ikkje bestemt)
- Halså og (Hemne og 1/3 av Snillfjord i Sør-Trøndelag) (namn ikkje bestemt)
- Norddal og Stordal (namn ikkje bestemt)

**Kommunar som er ufrivillig åleine etter vedtak** (4 kommunar):

- Kristiansund, Vanylven, Surnadal og Sande

**Kommunar som fortsatt er i prosess** (2 kommunar):

- Herøy og Sande (endelege vedtak mars 2017)

### 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket

Gjennom landbruksmeldinga for Møre og Romsdal, vedteken i 2012, er det sett mål for utviklinga av landbruket i fylket. Her er det sagt at Møre og Romsdal skal ha eit synleg og berekraftig landbruk over heile fylket. For alle viktige produksjonar er det sett mål om at fylket skal oppretthalde eller auke sin andel av dei viktige produksjonane.

Regionalt bygdeutviklingsprogram styrer retninga på arbeidet med utviklingsarbeid i landbruket og landbrukstilknytt næringer og fylkesmannen har eit nært samarbeid med den regionale partnaraskapen i næringsutviklingsarbeidet. Fylkesmannen sine prioriteringar er integrert i fylkesplanen og handlingsprogram for verdiskaping. Gjennom hoppid.no-samarbeidet arbeider heile partnaraskapen saman for å gjere det enklare å vere grunder i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen medverkar aktivt for å sette opp og gjennomføre utviklingsprosjekt. Vegvalprosjekta gjennom Tine er viktige for å utvikle mjølkeproduksjonen, og prosjektet «Auka produksjon av Sau- og storfe/kjøtt» er viktig for å bygge kollegiale og faglege nettverk. Prosjektet Best på før er i avslutningsfase.

Satsinga på mat og reiseliv har gitt resultat. Vi har mange nyetableringar, og koblinga opp mot reiselivet har fått mykje oppmerksomheit. Hausten 2016 har fylkeskommunen i samarbeid med fylkesmannen og andre regionale aktørar starta prosjektet Mat og reiseliv.

Fylkesmannen følger opp Inn på tunet tilbydarane, og legg til rette for møteplassar, opplæring og kompetansemegling. Fylkesmannen følger også opp nye trendar som urbant landbruk, bynært landbruk og andelslandbruk.

**Resultatmål 3.1.6.1.1****Rapportere på**

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidet og fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidd i nært samarbeid med den regionale partnerskapen og følgd opp gjennom året.

Det er stor etterspurnad etter investeringsmidlar og midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Gjennom utgreiings- og tilretteleggingsmidla er det støtta mange prosjekt som skal bidra til å støtte utviklinga av både tradisjonelt landbruk og landbrukstilknyta næringar. Eksempel på dette er støtte til Tine sine prosjekt om vegvalsrådgjeving og Nortura si satsing på auka sau- og storfekjøttproduksjon. Innanfor landbruksbaserte næringar er det støtta prosjekt som skal høgde kompetansen og aktiviteten for Inn på tunet-bedrifter, lokalmatbedrifter og reiselivsbedrifter.

Midla vert brukt aktivt for å utvikle samarbeidet mellom aktørane i landbruket.

**Resultatmål 3.1.6.1.2****Rapportere på**

Tilfredsstillende foryngelse av all hogst innen tre år etter hogst.

Det er plukka ut 133 bestand til foryngelseskontroll i Møre og Romsdal i 2016. Av desse er 5 bestand plukka ut lokalt. Kommunane har kontrollert 132 bestand. Status er sett til *OK* for 69 bestand, og 63 bestand har status *OK, bør følges opp*. Årsaka til at det er så vidt mange bestand som skal følgjast opp skuldast praksis med å vente tre vekstsesongar med planting etter hogst for å unngå skadar av gransnutebille.

Statistikken viser at kontrollen vert gjennomført av kommunane. Sidan så vidt mange bestand skal følgjast opp gir dette eit omfattande oppfølgjingsarbeid.

Sjå også resultatmål: 3.1.6.2.1.1.

**3.1.1.13 Bærekraftig landbruk**

Fylkesmannen har særleg fokusert på miljørett bruk av husdyrgjødsel. Målretta bruk av RMP har ført til at gjødsla blir brukt tidlegare i sesongen, og kommunane får nesten ingen saker om sein spreieing.

Det er i 2016 løyvd tilskot til forskning på klimagassutslepp i samband med omgraving av myr; til skriving av rapport om klimatilpassa jordbruk; til fleire møte om jordvern og om klimatilpassa jordbruk, og til eit prosjekt som arbeider med handtering og bruk av overskotsmassar, som kan vere ei kjelde til forureining i jordbruket

Vi har i fleire år hatt problem med balansen mellom planting og hogst.

**Resultatmål 3.1.6.2.1****Rapportere på**

Andel kommuner som følger opp kontroll med foryngelseskravet: 100 pst i løpet av tre år.

Både Foryngelseskontroll og Resultatkontroll for skogbruk og miljø vert gjennomført i alle kommunar. Vi har og inntrykk av at dei fleste kommunane følgjer opp saker kor det ikkje er forynga. Men vi er litt undrande til at det ikkje er fleire saker som kjem til oss som klageorgan. Vi har merka oss at motstanden mot å forynge er størst i område med liten skogbruks historie og etter drifter med lav driftsnetto kor det sett av lite skogfond.

Det er aukande tal planter som vert sett ut i fylket, men auken er nok ikkje tilsvarende auken i hogst.

Sjå også resultatmål: 3.1.6.1.2.1

**Resultatmål 3.1.6.2.1.2****Rapportere på**

Økt planting med tilskudd til tettare planting, og økt gjødsling, sammenlignet med 2015.

Det er planta 428 da meir i 2016 (3582 da) enn i 2015. Dette skuldast nok i hovudsak den markante auken i hogst dei siste åra.

Sum tilskot til tettare planting blei nesten 600 000 kr her i fylket i 2016. Tal utsatte planter pr. dekar har auka med 17 planter frå 2015 til 2016. Dette er eit resultat av den nye ordninga med tilskot til tettare planting og har difor gitt ønska effekt.

Ordninga med gjødsling som klimatiltak har ikkje vore nytta i noko omfang her i fylket.

**Resultatmål 3.1.6.2.2.1**

**Rapportere på**

Alle miljøvirkemidlene er forvaltet i tråd med regionalt miljøprogram og nasjonale føringer.

I miljøprogrammet for perioden 2013 – 2016 vart det introdusert tiltak innan miljøtemaet Utslepp til luft; spreiding tidleg i vekstsesongen og bruk av tilførselsslagar. I 2016 gjekk 48 % av budsjettet til tiltaka i dette miljøtemaet. 38 % vart brukt til miljøtema kulturlandskap, 11 % til kulturmiljø og kulturminne og 3 % til biologisk mangfold.

Tiltaka innan utslepp til luft har endra bøndene sin praksis i positiv lei. Kommunane får no nesten ingen søknader om løyve til å spreie husdyrgjødsel om hausten, og gjødsla vert i større grad spreidd når plantane kan bruke den. Evaluering i 2016 viste at desse tiltaka treffer formålet svært godt.

Landbruksavdelinga samarbeider med Miljøvernavdelinga om 3 av tiltaka, Skjøtsel av slåttemark, Beite av kystlynghei og Tilrettelegging av fuglebiotopar. Dei to første føreset skjøtelsavtale, for å sikre tilstanden. Tilrettelegging av fuglebiotopar føreset individuell avtale med Miljøvernavdelinga i kvart enkelt tilfelle, og er sikta inn mot bevaring av utryddingstrua fugleartar, som hekkar i jordbrukslandskapet.

Fylkesmannen samarbeider også med fylkeskommunen, ved at miljøprogrammet er kobla til tiltaksplanen for vassdrag. Det vil no bli utført kartlegging av erosjonsrisikoen i fylket, noko som gjev grunnlag for tiltak i miljøtemaet avrenning til vatn og vassdrag, utsett/ingen jordarbeiding.

Kommunane gjorde berre 1 avkorting i tilskot etter søknader frå 2015, men har avkorta 7 av søknadene frå 2016. Fylkesmannen har følgd opp dette i forvaltningskontrollane.

**Klima- og miljøprogrammet**

Under klima- og miljøprogrammet er prioriterte tema i 2016 Klimatilpassing, klimagassutslepp, forureining, naturmangfald og kulturminne i kulturlandskapet. Det er i 2016 løyvd tilskot til forskning på klimagassutslepp i samband med omgraving av myr; til skriving av rapport om klimatilpassa jordbruk; til fleire møte om jordvern og om klimatilpassa jordbruk, og til eit prosjekt som arbeider med handtering og bruk av overskotsmassar, som kan vere ei kjelde til forureining i jordbruket.

**SMIL**

SMIL-løyvinga til fylket vart fordelt mellom kommunane i brev datert 3. februar 2016, der det vart understreka at tildeling av tilskot skal skje i samsvar med forskrifta og kommunane sine egne vedtekte strategiar. Kommunane vart også oppmoda om å nytte tilgjengeleg kompetanse i miljøvernavdelinga og i kulturavdelinga hjå fylkeskommunen i si handsaming av SMIL-søknader.

Det vart løyvd i overkant av 4,5 mill kr til kulturlandskapstiltak og i overkant av 650 000 kr i miljøtiltak i 2016. Kr 615 000 av løyvinga blir overført til 2017.

Mot slutten av 2016 vart det gjennomført ei omfordeling av løyvingar mellom kommunane, slik at uløyvde midlar i enkelte kommunar vart gjort tilgjengelege for andre kommunar, som hadde større etterspørsel enn det dei i utgangspunktet hadde fått løyvd.

**Drenering**

Fylket hadde i overkant av 4 mill kr til fordeling mellom kommunane i 2016, og desse vart fordelte mellom kommunane i februar 2016. Det har vore ein klår nedgang i etterspørselen etter tilskot til drenering samanlikna med tidlegare år. I tillegg er der ein del prosjekt der drenering ikkje blir gjennomført trass i løyvde tilskot, og tilskota blir inntrekte når arbeidsfristen går ut.

Fylket hadde knapt kr 4,1 million til fordeling i 2016, og kommunane har tildelt kr 2 578 785 i tilskot. Resten blir overført til 2017.

**Utvalde kulturlandskap**

Av ei løyving på kr 850 000 vart det tildelt kr 846 912 til ulike tiltak i UKL-området *Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal*. 63 % av løyvinga gjekk til skjøtsel av areal, inkludert beitebidrag. Det har stor betydning for kulturlandskapet at det blir stimulert til beiting i både inn- og utmark.

Fleire av prosjekta der det er gjeve støtte til restaurering av bygningar, er samfinansierte med kulturminnefondet.

Vi viser elles til særskilt rapportering til Landbruksdirektoratet 16. januar 2017.

**Verdsarv – Vestnorsk Fjordlandskap – Geirangerfjorden**

I 2016 fekk Møre og Romsdal tildelt kr 1 225 000 frå Landbruksdirektoratet og kr 1 000 000 frå Miljødirektoratet til tiltak i Verdsarvområdet Geirangerfjorden. Av dette vart det tildelt kr 2 033 264 i areal- og beitebidrag, og kr 13 460 i tilskot til gjerde.

Det blir arbeid mykje med planar om å bygge ein ny fellesfjøs for sau og geit/ammegeit i Geiranger, då skjøtsel ved beiting er heilt avgjerande for å halde kulturlandskapet i Geiranger ved like. Der er berre tre bønder med beitedyr att i Geiranger i dag. Utfordringar i høve til rasfare og tomtetilhøve gjer det vanskeleg å få bygge driftsbygningar nede i sjølve bygda, og den beste løysinga ser dermed ut til å vere å bygge eit felles bygg lenger oppe i dalen.

Dersom det ikkje lukkast å få bygd ei ny driftsbygning i bygda, vil dyretalet raskt kunne nå eit kritisk lågt nivå. Det er opna for at Verdsarvløyvingane kan nyttast som delfinansiering av ei slik investering. Tidlegare unytta løyvingar til verdsarvområdet på til saman kr 805 300 vil dermed kunne nyttast opp mot dette føremålet, dersom planane om ny fellesfjøs elles let seg fullfinansiere.

**3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger****3.1.2.1 Godt tjenestetilbud for barn og unge**



Fylkesmannen har i samarbeid med Fylkeskommunen gjennomført ei kommunekartlegging av tenester til barn og unge etter modell fra Sjumilssteget for å sjå på tenestetilbodet til barn og unge. Funna i samlerapporten frå kartlegginga, kalla BarneByks, vert brukt som grunnlag for planlegginga for 2017. Vi oppmodar alle kommunane å legge kommunekartlegginga til grunn for vidare planlegging av heilskaplege tenester til barn og unge, spesielt i planarbeidet.

### 3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Bustad er tema i mange av våre aktivitetar; ulike konferansar og samlingar, i rapport frå kommunekartlegginga om barn og unges oppvekstvilkår (Barnebyks), på NAV-leiarmøtane, vi har delt frå bustadsosialt prosjekt på NAV-leiarmøte, og STL-lovopplæringa for nye i NAV. Vidare har vi høg fokus på bustad i behandling av klagesaker.

#### Resultatmål 3.2.1.2.1.1

##### Rapportere på

Gjennomført minimum to kompetansehevende tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid, f.eks. bolig og integrering av flyktninger, bolig og tjenester til rusmiddelavhengige, helhetlig planlegging, bolig og folkehelse.

I 2016 Fylkesmannen har arrangert fleire samlingar og konferansar der bustad og bustadsosialt arbeid har vært eit av temaene, til dømes på fagsamling for rus/psykiatrifeltet Ringar i Vatn, Migrasjon og helse og Oppvekstkonferansen. Bustad har og vært tema på STL-opplæringa for nye i NAV.

Kommunar med tilskot på bustadsosialt arbeid har delt frå prosjektet på NAV-leiarmøte, der det og har vært informert om digital vegvisar.

Gjennom strategien Bustad for velferd har vi delteke på førebuing av og gjennomføring av læringsnettverka som er koordinert frå Husbanken Midt-Norge.

Vi har til fleire kommunar pekt på at bustad ikkje er nemd i planstrategien, og lagt ved lenke til Bustad for velferd og digital vegvisar.

#### Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	5	7

*Fagsamling med tema migrasjon og helse (samordning på tvers, , Kommunekartlegging (samordning på tvers/Betre oppvekst ca 22 kommunar), Som fagsamling rus-og psykiatrifeltet Ringar i vatn (ca 26 kommunar deltok, samordning på tvers) Oppvekstkonferansen (samordning på tvers, ca 28 kommunar deltok)Plankonferanse (samordning på tvers) Innlegg fra kommune med boligsosiale tilskuddsmidler på NAV-ledermøte (alle kommuner repr) forberedelse og gjennomføring av nettverk i samarbeid Husbanken Midt - Norge, 4 kommuner fra Møre og Romsdal deltar i dette, direkte boligsosialt*

### 3.1.2.3 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Det årlege møtet i Fylkesberedskapsrådet(FBR) vart gjennomført i november, og hadde mellom anna tema knytt til strukturendringar innanfor politi, forvar og kommunereforma. I tillegg var FylkesROS eit tema. Møtet er ein god arena for å bli kjent med medlemmane sine roller, oppgåver og utfordringar, og er gir eit viktig bidrag til å utvikle samvirke mellom aktørane både i kvardagen og i krise.

Elles har vi ein låg terskel for å nytte FBR ved hendingar. Under ekstremveret TOR i Januar 2016 hadde vi møte både i forkant av hendinga for å skape felles situasjons forståing, og i etterkant for å gå gjennom handteringa av hendinga. Tilbakemeldingane frå medlemmane er at desse møta er nyttige, og bidreg til eit godt samvirke mellom aktørane. Det same gjeld krisehandteringa knytt til faren for fjellskred frå Vesle Mannen i Romsdalen, og evakueringa hausten 2016.

#### Resultatmål 3.2.1.3.1.1

##### Rapportere på

Det er gjennomført minst en årlig øvelse av kriseorganisasjonen i embetet med grunnlag i ny samfunnsikkerhetsinstruks.

I forbindelse med Nasjonal fjellskredkonferanse - Åknes 2016, var vi med å arrangere ein diskusjonsøving for alle aktørane med beredskapsansvar knytt til risikoen for store fjellskred. Det var 48 ulike aktørar som deltok med 184 deltakarar i øvinga. 10 kommunar var med og øvde eigen kriseleiing, og det var representantar frå kriseleiing i kommunar utsett for tilsvarande risiko i Troms og i Romsdalen med som kontrollarar hos kommunane som vart øvd.

Fylkesmannen si kriseleiing og beredskapsstab deltok i øvinga, og store delar av FBR var også med. Vi arrangerte møte i FBR undervegs i øvinga.

### 3.1.2.4 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Embetet ivaretar samordning av egne tilsyn internt gjennom eigen tilsynskalender for kommunareta tilsyn. Vi har og eit eige tilsynsforum internt kor temaet er samordning og sikring av læring.

Vi har ikkje samordna det øvrige statlege tilsynet med kommunane, men har oppmoda til bruk av vår tilsynskalender. I tillegg har vi årlege møtar med kontrollutvalssekretariata som blant anna følger opp kommunane gjennom bestilling av forvaltningsrevisjonar. Her forsøker vi å vere samordna på tema og utval av kommunar.

Samfunnstryggleik: Våre tilsyn er lagt opp i tråd med styringssignal frå direktorat, og har i stor grad fokus på rettleiing. Tilbakemeldingane frå kommunane er at tilsyna er nyttige, og gir god læring.

#### Resultatmål 3.2.1.4.1.1

##### Rapportere på

Alle tilsyn hvor det er funnet brudd på lov og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Tilsyn etter barnevernlova er avslutta innan fristane som er sett.

#### Helse-omsorg- og sosial

I alle tilsyna vi hadde i 2016 vart det funne lovbrot.

På sosialområdet er fristane ikkje overhalde mellom anna grunna leiarските i NAV. Vi har og i nokon grad overvurdert vår eigen kapasitet og klarer heller ikkje sjølv å holde fristar og purre raskt.

Vi har og 5 tilsyn frå før 2016, som ikkje er avslutta og desse blir fulgt opp i tett dialog med kommuneleiinga.

#### Resultatmål 3.2.1.4.2.1

##### Rapportere på

Alle tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav, er fulgt opp og avsluttet innen utgangen av 2016.

I Møre og Romsdal vart det ikkje avdekt lovbrot i tilsyn som omhandla folkehelse i 2014.

#### Avslutning av tilsyn med folkehelsearbeid

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav.	Antall tilsyn med folkehelsearbeid fra 2014 der det ble påvist brudd på lovkrav som er avsluttet.
100 %	- 100 %		0	0

*I Møre og Romsdal var det ikkje avdekt lovbrot i tilsyna som omfatta folkehelse i 2014.*

#### Resultatmål 3.2.1.4.3.1

##### Rapportere på

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse: 75 % svarer "FMs tilsynsvirksomhet er godt eller nokså godt samordnet".

Vi viser til supplerande tildelingsbrev 2016 om endring av rapporteringskrav ved at planlagt undersøking ikkje vart gjennomført.

Vi har gitt en egenvurdering i punkt 3.1.2.4

#### Resultatmål 3.2.1.4.4.1

##### Rapportere på

Krav til gjennomsnittsscore i spørreundersøkelse - 75 % svarer at FMs tilsyn "i stor eller nokså stor grad har vært lagt til rette med sikte på læring og forbedring lokalt".

Vi viser til supplerande tildelingsbrev 2016 om endring av rapporteringskrav ved at planlagt undersøking ikkje vart gjennomført.

Vi har gitt ei egenvurdering i punkt på 3.1.2.4 om læringseffekten av tilsyn.

#### 3.1.2.5 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Fylkesmannen er ein viktig aktør i arbeidet med den regionale delplanen for klima og energi. Her er det sett mål om ein reduksjon i utslippet av klimagassar på 10 prosent innan 2020. Dei årlege handlingsprogramma til planen viser gjennom tiltak korleis ein skal nå måla om reduksjon.

Fylkesmannen har bidrege til forskning på klimagassutslipp, for eksempel reduksjon av utslipp i samband med omgraving av myr.

Det regionale miljøprogrammet er retta inn på å redusere utsleppa til luft og vatn.

#### Resultatmål 3.2.1.5.1.1

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventninger til klima- og energiplanleggingen.

Klima i planarbeid og behov for klimatilpassingstiltak har og vore tema på plan- og forureiningskonferansane for kommunane.

Vi har bistått Fylkeskommunen i arbeidet med ei spørjeundersøking til kommunane om status for kommunale klima- og energiplanar. Det kom inn svar frå 30 kommunar.

Status for kommunale klima- og energiplanar vart presentert i Fylkesstatikken for 2016.

#### Resultatmål 3.2.1.5.2.1

##### Rapportere på

Vurdering av effekt på klimagassutslipp, samt mål og tiltak for å redusere klimagassutslipp og energibruk, skal finnes igjen i alle relevante planer og enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven og annet lovverk.

Klimaomsyn og innspel i høve *statlege planretningslinjer for bustad, areal, og transportplanlegging* blir formidla i plansakene.

Vi er i gang med å få på plass nye og forbetra sjekklister for gjennomgang av kommunale planar når det gjeld areal- og transportplanlegging.

Elles slit vi litt med mangel på ressursar til dette arbeidet. Det er krevjande med mål- og tiltaksstyring på eit område som er så samansatt. Vi finn god støtte i eit tett samarbeid med Fylkeskommunen.

#### Resultatmål 3.2.1.5.3.1

##### Rapportere på

FM har hatt dialog med kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, blant annet om nasjonale og fylkesvise klimaframskrivinger og den nye nettsiden klimatilpassning.no

Klimaprofil for Møre og Romsdal er gjort kjent for kommunane.

Vi har saman med Fylkeskommunen vore arrangør for eit klimaseminar for kommunane, med spesiell vekt på tilskotsordninga Klimasats. Her vart det lagt vekt å informere om utfordringsbildet og kva som forventast framover og da spesielt innanfor transportsektoren. Det kom inn 16 søknader frå Møre og Romsdal, og der 7 fekk tilskot på til saman 3,4 MNOK.

### 3.1.2.6 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2016 prioritert eigen stillingsressurs til området. Dette fortsett også i 2017 i eit noko mindre omfang. Dette har vore eit viktig tiltak for å støtta nasjonale myndigheiter med koordinering og informasjonspreiring med kommunane sitt arbeid med busetting av flyktningar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har på bakgrunn av kommunanes uttalte behov arrangert samlingar og konferansar, og vore ein aktiv støttespelar i prosessane rundt busetting og etablering av opplæringsstilbod.

I tillegg til utdanningsdirektoratet si samling om nykomne flyktningar, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal arrangert samlingar som omhandlar særskilte utfordringar med migrasjonshelse og introduksjonslova. I tillegg lagt til rette for at god erfaringar med integrering er spreidd mellom kommunane.

Embetet har delteke i samarbeidsmøte med sentral aktørar som IMDI, UDI, RVTS og Bufetat. Samstundes delteke i ulike kommunale fagnettverk for området slik at ein har fanga opp utfordringar kring busetning og integrering. Dette har igjen vore eit viktig grunnlag i Fylkesmannen sin rolle med å være ein viktig aktør i kommunane sitt arbeid med flyktningssituasjonen.

Embetet har oppretta ei eiga ressursgruppe med representantar frå ulike einingar. Her blir fagleiarane og embetsleiinga orientert og oppdatert på status og utfordringar på opplæringsområdet mellom anna helse og verjemål. På denne måten får ein raskt tak i små og store utfordringar og regelbrot, og kan raskt avklare og hjelpe kommunane i sitt arbeid.

I samband med tilstrøyminga av einslege mindrarige som har rett på representant i ventefasen og verje ved busetting, har ein hatt utfordringar knytt til arbeidet med godtgjering og utgiftsdekning.

Dette gjeld særleg i dei tilfella asylintervjuet ikkje var gjennomført før dei kom hit til fylket. Regelverket legg opp til ei deling av godtgjering- og utgiftsdekning mellom embeta, og dette har vore utfordrande å ha oversikt og kontroll over. Ordninga har og ført til at ein i mange høve har nytta midlertidige oppnevningar for representant og verje for å løyse oppgåva, noko som har ført til meirarbeid.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sett i verk eigne tiltak som informasjonsbrev og kurs for representantane og verjene for denne gruppa.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer på bakgrunn av dette, at embetet har god måloppnåing på arbeidet med flyktnings situasjonen, men er likevel uroa over at talet på godtgjerings saker til handsaming for EMA vil vere like stort i 2017 som i 2016, utan at embete er godtgjort med ekstra ressursar for å løyse oppgåva.

#### Resultatmål 3.2.1.6.1.1

##### Rapportere på

Andel flyktninger som er bosatt innen 6 mnd. etter at vedtak om opphold i Norge eller reisetillatelse er gitt: 55 % av IMDIs totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket. Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

IMDI anmoda kommunane i Møre og Romsdal om å busette 1073 flyktningar i 2016. Kommunane har busett totalt 912 personar inkl 78 enslige mindreårige asylsøkjjarar.

IMDI gir uttrykk for å være svært tilfreds med kommunane sin innsats på området.

#### Resultatmål 3.2.1.6.1.2

##### Rapportere på

Andel enslige mindreårige som er bosatt: 100 % av IMDIs totale bosettingsanmodning til kommunene i fylket.

Ved utgangen av 2016 hadde 161 einslege mindreårige opphald ved dei 5 mottaka i Møre og Romsdal. 78 personar vart busett i løpet av 2016. IMDI har gitt uttrykk for stor tilfredsheit med kommunane sin innsats på området da det er godt samsvar mellom IMDI sin oppmodningar for busetning og kommunale vedtak.

På bakgrunn i Fylkesmannen sin kontakt med mottaka (5) er det kome til uttrykk store bekymringar rundt helsa til mange av dei unge. Det blir rapportert på auke innan sjølskading, aggresjon og depressive sjukdommar. Dette knytt til at mange sin oppleving med midlertidig opphald og praksis rundt utvisning ved fylte 18. år. I tillegg er auke på "forsvinningar" frå mottak, spesielt i forkant av oppnådd alder på 18 år.

### 3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

#### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fokus på å ha høy kvalitet i tilsynsarbeid og sakshandsaming. Dette skjer gjennom gode rekrutteringsrutiner og kontinuerlig faglig oppdatering og kompetanseheving av dei tilsette.**

På nokre av våre fagområde greidde vi ikkje kravet til alle tilsyna vi skulle ha i 2016. Feks vart berre 29 av 40 planlagte tilsynsbesøk i barneverninstitusjonane er gjennomført. Årsaken er redusert kapasitet i personalgruppa, og kuttet er gjennomført etter risikovurdering. Kvaliteten på tilsyna har ikkje gått ned!

Behandling av enkeltsaker er prioritert og vi har knapt restansar på barnevernsområdet ved årsskiftet.

For klagesaker etter plan. og bygningslova er sakshandsamingstida noko for lang, men vi firer ikkje på kvaliteten. Vi ser at lang "liggetid" for klager på reguleringsplan ikkje støttar opp om målet om effektive og smidige planprosessar. Vi har difor fokus på å redusere saksbehandlingstida. Målet om at 100% av byggesakene skal være handsama innan 12 veker er ei urealistisk målsetting, ettersom det alltid vil være ei eller fleire saker som av ulike grunner får lengre sakshandsamingstid.

Ut frå resultatmåla som går på kor tilfreds sektoren er med Fylkesmannen sitt tilsynsarbeid og klagebehandlinga, vurderer vi å ha god måloppnåing på området.

#### Resultatmål 3.3.1.1.1.1

##### Rapportere på

Minimum 2 tilsyn i hvert fylke per år.

2 tilsyn blei varsla i 2016 og dokumentasjon mottatt. Foreløpig tilsynsrapport blei ikkje sendt ut før årsskiftet.

#### Resultatmål 3.3.1.1.2.1

**Rapportere på**

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2015, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Etter aktivitetskravet i VØI skulle det gjennomførast tilsyn tilsvarende 52 poeng etter poengsystemet for tilsyn på barnehage- og skuleområdet, med 36 poeng etter opplæringslova og 16 poeng etter barnehagelova.

Det er gjennomført tilsyn tilsvarende 16 poeng etter barnehagelova og 40 poeng etter opplæringslova. Altså 56 poeng og over aktivitetskravet. For alle tilsyna var minst førebels rapport sendt ut i 2016, for dei fleste var status at endeleg rapport var utsendt eller at dei var avslutta.

50% av tilsyna etter opplæringslova var felles nasjonalt tilsyn.

**Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.**

**Resultatmål 3.3.1.1.3.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Tilsyn: 72 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet tilsyn som viktig.

I rapporten spørsmål til skole-norge finn ein ikkje spesifikke tal på fylkesnivå for kor tilfreds skuleeigar er med fylkesmannen sine tilsyn. Når det gjeld skuleigar si samla vurdering av verkemidla har Møre og Romsdal eit snittscore på 4,0, altså godt over landssnittet på 3,6.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har starta med å be skuleeigar- og skuleleiarnivå, i etterkant av gjennomførte tilsyn, svare på spørsmål om tilfredsheit med tilsyna. Så langt har vi oppnådd svært gode score på desse undersøkingane.

På spørsmål om barnehagemyndigheten sin tilfredsheit med Fylkesmannen sine tilsyn får Møre og Romsdal eit score på 3,65. Snittscore for landet er på 3,62. Altså ligg vi omtrent på landssnittet.

**Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.**

**Resultatmål 3.3.1.1.4.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015, Rapport 19/2015 NIFU»

Klagesaksbehandling: 52 prosent av de spurte skoleeierne svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever virkemiddelet klagesaksbehandling som viktig.

Jf. «Spørsmål til barnehage – Norge høsten 2015», Trøndelag Forskning og Utvikling.

I rapporten spørsmål til skole-norge finn ein ikkje spesifikke tal på fylkesnivå for kor tilfreds skuleeigar er med fylkesmannen si klagesaksbehandling. Når det gjeld skuleigar si samla vurdering av verkemidla har Møre og Romsdal eit snittscore på 4,0, altså godt over landssnittet på 3,6.

På spørsmål om kor tilfreds barnehagemyndigheita er med Fylkesmannen si klagesaksbehandling får Møre og Romsdal eit score på 3,0. Snittscore for landet er på 3,19. Altså ligg vi litt under landssnittet.

**Resultatmålet er oppfylt for skuleområdet, men ikkje for barnehageområdet.**

**Resultatmål 3.3.1.1.5.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015.

Barnehagemyndigheita si tilfredsheit med veiledning om regelverket etter spm til barnehage-Norge 2016 har score 3,76 for M&R. Landsnittet var 3,75.

I spm. til skole-Norge våren 2016 finn ein tal for ei samla vurdering av tilfredsheit med verkemidla hos Oppv. og utd.avd. hos FM. Her har M&R

score på 4,0, medan landssnittet ligg på 3,6. Det finst også tabell for tilfredsheit med FM som viktig medspelar. M&R sin score er her 4,1 og landssnittet er på 3,8.

**Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.**

#### Resultatmål 3.3.1.1.6.1

##### Rapportere på

Andel klagesaker som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Vi har i 2016 ikkje greidd resultatmålet om at 100% av klagesakene skal vere behandla innan 12 veker. Av dei sakene som har hatt ei saksbehandlingstid på over 12 veker, har 30 saker hatt ei overskriding på ei veke eller mindre, i 38 saker har fristoverskridinga vore på mellom ei og to veker, i 15 av sakene har overskridinga vore på mellom to og tre veker, og for dei resterande sakene har overskridinga vore på over tre veker.

#### Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 68 %	32 %	186	59

#### Resultatmål 3.3.1.1.6.2

##### Rapportere på

Andel klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, som er behandlet innen 6 uker: 100%.

Resultatmål nådd.

#### BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	0 %	100 %	8	8

#### Resultatmål 3.3.1.1.7.1

##### Rapportere på

Andel ekspropriasjonssaker i førsteinstans eller som klageinstans på plan- og bygningsrettens område, som er behandlet innen 12 uker: 100%.

Vi har i 2016 behandla ein klagesak på oreigning i medhald av plan- og bygningsloven. Denne klagesaka vart ikkje behandla innan fristen på 12 veker. Fristoverskridinga var på 11 dagar.

#### 3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

For å oppnå ei effektiv lov- og tilskotsforvaltning har Fylkesmannen gjennomført 20 prosent risikobasert forvaltningskontroll med kommunane i samsvar med kontrollplan. Vi har stort fokus på risikobasert kontroll. Alle avvik er fulgt opp.

Det gjennomført kurs og samlingar for kommunane både på tilskotssida og særlovsområdet. Vi legg stor vekt på veiledning også i den daglege kontakten med kommunane.

I den løpande sakshandsaminga kvalitetssikrar juristen på avdelinga at vedtak i klagesaker blir fatta i tråd med forvaltningslova. Vi er elles bevisst på grensegongen mellom effektivitet i forvaltninga og rettstryggleik for den enkelte.

#### Resultatmål 3.3.1.2.1.1

##### Rapportere på

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

Vi har gjennomført 8 av 10 forvaltningskontrollar som satt opp i kontrollplan. Planlagt kontroll i Molde kommune blei avlyst grunna sjukdom og blir gjennomført i 2017. Planlagt kontroll i Norddal kommune blei avlyst grunna ingen innkomne saker i aktuelle ordning som var satt opp for kontroll.

Foretaks kontroll av driftsfellesskap på husdyrkonsesjonsområdet blei ikkje gjennomført i samsvar med kontrollplan. Har ikkje hatt ledig kapasitet til å følge opp saka.

Elles har vi hatt stort fokus på saker som gjeld veterinære reiser. Særleg to saker om tilbakebetaling og avkorting har tatt mykje tid. Desse sakene er ikkje avlutta enda.

**Kontroll av foretak i samsvar med kontrollplan**

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
A	Veterinære reiser	Store avik i kjørte km.	Avkorting og tilbakebetalingskrav vurderes tilbake i tid. Følges opp videre i 2017.
B	Veterinære reiser	Store avik i kjørte km.	Vedtak om avkorting endelig avgjort av Ldir. Avkorting og tilbakebetalingskrav tilbake i tid er varslet. Følges opp i 2017.
C	Veterinære reiser	Feil i beregning av ventetid.	Etterkontroll. Veiledning.
D	Veterinære reiser	Feil beregning av ventetid.	Etterkontroll. Veiledning.
E	Veterinære reiser	Feil beregning av ventetid.	Etterkontroll. Veiledning.
F	Veterinære reiser	Feil beregning av ventetid og ferjebillett.	Etterkontroll. Veiledning.
G	Veterinære reiser	Feil beregning mva./ferjebillett.	Etterkontroll. Veiledning.
H	Veterinære reiser	Feil beregning av ventetid.	Etterkontroll. Veiledning.
I	Veterinære reiser	Avvik i kjørte km.	Vedtak om avkorting. Delvis medhold i direktoratet.
J og K	Produksjonstilskudd	Mistanke om driftsfellesskap.	Bedt om innsending av dokumentasjon. Søknad avslått da dokumentasjon ikke ble sendt inn.

**Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon**

Kontroll av husdyrkonsesjon er utført i samsvar med rundskriv. Det er innhenta opplysninger for 2 foretak utover det som er tilgjengelig i egne systemer. 4 foretak er fulgt opp etter kontroll i 2015. 6 foretak skal følges opp i 2017 etter kontrollen i 2016. Ingen er kontrollerte mtp driftsfellesskap. Ett foretak er ilagt standardisert erstatning på kr 134400, men ikke pga driftsfellesskap. Ett foretak er kontrollert med vedtak om standardisert erstatning er under arbeid.

**Resultatmål 3.3.1.2.1.2****Rapportere på**

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 pst. av kommunene.

Vi har gjennomført risikobasert forvaltningskontroll i 8 av 36 kommunar. Det vil si om lag 20 prosent av kommunane.

**Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene**

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Vanylven kommune	RMP, NMSK. Stedlig kontroll.	Funnet ett avvik: I NMSK ble det ikke vurdert avkorting av tilskudd ved feilopplysninger.	Bedt kommunen legge om praksis. Avvik lukket ved svar fra kommunen.
Haram kommune	Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, areal- og kulturlandskap. Stedlig kontroll.	Ingen avvik.	
Giske kommune	Stedlig kontroll. Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, areal- og kulturlandskapstilskudd	Ingen avvik.	
Aukra kommune	Stedlig kontroll. Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, spesialisert kjøttproduksjon, areal- og kulturlandskapstilskudd, gårdskarprosessen	Mangler ajourhold av AR5 og gårdskartet	Bedt kommunen legge om praksis. Avvik lukket ved svar fra kommunen.
Sundal kommune	Stedlig kontroll. Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, spesialisert kjøttproduksjon, areal- og kulturlandskapstilskott, gardskartprosessen	Mangler ajourhold av AR% og gårdskartet	Bedt kommunen legge om praksis. Avvik lukket ved svar fra kommunen.
Smøla kommune	Stedlig kontroll. Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, areal- og kulturlandskap, regionalt miljøprogram	Funnet ett avvik under PT: Ikke vurdert avkorting ved feilopplysninger.	Bedt kommunen legge om praksis. Avvik lukkes i 2017.
Neset kommune	Stedlig kontroll. Dyr på beite, dyr på utmarksbeite, spesialisert kjøttproduksjon, areal- og kulturlandskapstilskott, gardskartprosessen	Ingen avvik.	
Fræna kommune	Stedlig kontroll. Regionalt miljøtilskott, gardskartprosessen	Ingen avvik.	

**Resultatmål 3.3.1.2.1.3****Rapportere på**

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %

Vi har fulgt opp alle avvik som gjeld forvaltningskontroll av kommunane. Vi fann avvik i tre av åtte kommunar. Avvikene er fulgt opp ved utsending av eit brev kor vi ber kommunen leggje om praksis i tråd med dei retningslinjer som gjeld. Vi har mottatt tilbakemelding frå to av tre kommunar som

orienterer om endring i sine rutiner. Siste kommune har svarfrist i mars 2017.

Alle avvik avdekt ved foretaks kontroll i 2016 er tatt tak i. Nokre saker vil bli avslutta i 2017.

### 3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivare tatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Fylkesmannen brukte dei verkemidla vi hadde til rådvelde for å medverke til at innbyggjarane fekk oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Ved svikt i styring og innhald i tenestene og svikt i tildeling til enkeltpersonar blei dette følgt opp inntil manglane var retta.

#### Resultatmål 3.3.2.1.1.1

##### Rapportere på

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barneverntjenester: 3 per fylke. Dette innebærer 6 revisjoner for FMOA og FMAV (3 per fylke).

Vi har gjennomført følgjande tilsyn med dei kommunale tenestene i 2016:

- Landsomfattande tilsyn:

Systemrevisjon i ein kommune

Eigenvurderingstilsyn i tre barneverntenester som omfattar 6 kommunar.

- Eigeninitierte tilsyn:

Tilsyn i ein kommune om barns medverknad i eiga sak om hjelpetiltak.

Tilsyn i ein kommune på bakgrunn av alvorlege brot på fristkrava i barnevernlova.

#### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale barnevernstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
3	1	4

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.1

##### Rapportere på

Andel nye tvangstiltak regulert i godkjente vedtak som er fulgt opp med stedlige tilsyn: 100%.

Det blei gjennomført stedlige tilsyn i ca 33% av nye saker overprøvd i 2016.

#### Resultatmål 3.3.2.1.2.2

##### Rapportere på

Antall stedlige tilsyn i hvert embete skal økes sammenlignet med 2015.

Det blei gjennomført 9 stedlige tilsyn i 2016 (3 i 2015).

#### Stedlige tilsyn etter kap. 9

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2015	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016
101 %	199 %	300 %	3	9

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.1

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal ha tatt kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale.

Fylkesmannen tilbyr alltid barna i institusjonane samtalar og vi har lagt vekt på å reise på tilsyn på tidspunkt der det er gode sjansar for at dei er til stades. Vi samarbeider nå med Forandringsfabrikken i prosjektet "Godt tilsyn med barnas barnevern". I løpet av 2016 har vi endra rutineane våre for gjennomføring av tilsyna på institusjonane etter innspel frå desse ungdomane: Vi oppsøker nå alltid barna først og tilbyr dei samtalar før vi snakkar med dei tilsette og leinga på institusjonen. Alle barna som er til stades får altså tilbud om samtale.

#### Resultatmål 3.3.2.1.3.2



**Rapportere på**

Fylkesmannen skal ha gjennomført samtale med alle barn som ønsker det.

Viser til p. 3.3.2.1.3.1. Alle barn som er til stades på tilsynsbesøket får altså tilbud om samtale. I følge NESTOR utgjør det 75 % av alle barna i institusjonane. Vi har gjennomført 36 tilsynssamtalar i løpet av året.

**Resultatmål 3.3.2.1.4.1**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

Helse og sosialområdet har oppfylt resultatmåla.

**Andel tilsynssaker behandlet innen 5 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	34 %	84 %
Sosial	50 %	0 %	50 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.2**

**Rapportere på**

Avslutning av klagesaker: minst 90 prosent innen 3 måneder eller mindre.

93 % av sosialklagesakene er behandla innan 3 månader. Antall klagesaker på sosialområdet har vore stabil gjennom fleire år (unntak 2015 som var noko høgare) Vi ser i fleire klagesaker at saker er dårlig opplyst, at vedtak er mangelfullt grunna og at lova er anvendt feil.

**Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Helse/omsorg	90 %	- 2 %	88 %
Sosial	90 %	3 %	93 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.3**

**Rapportere på**

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning som er overprøvd innen 3 måneder: 100%

70% av alle vedtak om bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemning blei overprøvd innan 3 månader.

**Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt**

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
100 %	- 30 %	70 %

**Resultatmål 3.3.2.1.4.4**

**Rapportere på**

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: 100%

Dei fleste søknader om dispensasjon frå utdanningskravet blir handsama samtidig som vedtak blir overprøvd og sakshandsamingstida vil då være tilnærma lik prosentandel som i pkt. 3.3.2.1.4.3. Øvrige søknader blei handsama innan 3 månader.

**Resultatmål 3.3.2.1.5.1**

**Rapportere på**

Andel ajourførte tilsyn (planlagte og gjennomførte) og saker i NESTOR per 31.12, 30.4. og 31.8.: 100%

Pr. 31.12.2016 viser NESTOR at vi gjennomførte 29 av 40 planlagte besøk i barneverninstusjonane. Det er ei gjennomføring på 72,5 %. Vi gjennomførte alle planlagte tilsyn i kommunane.

### Helse- og sosial

Alle tilsyn og saker har vore ajourført til fastsette fristar.

#### Resultatmål 3.3.2.1.6.2

##### Rapportere på

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 17.

I Møre og Romsdal hadde vi planlagt 10 tilsyn med kommunal helse- og omsorgstjenester. Vi måtte imidlertid gjera ei omprioritering i løpet av året. Resultatet vart 7 tilsyn. Lovpålagte oppgaver som rettighetsklager, enkeltsaker som handlar om tvang og enkeltsaker som handlar om rettane til einskildpersonar, samt saker der konsekvensane for svikt er alvorlege (hendelsesbaserte tilsyn) måtte prioriterast foran planlagde systemrevisjonar. Planlagde tilsyn vart ytterligere redusert pga sjukdom og endringar i legestillingane i avdelinga gjennom året.

Ved fleire av tilsyna hadde vi og samtalar med pårørande og brukarar, noko som var ei positiv erfaring men og meir tidkrevande.

#### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
17	- 10	7

#### Resultatmål 3.3.2.1.7.5

##### Rapportere på

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 4.

Alle tilsyn med spesialisthelsetjenesta er planlagt og gjennomført i regionalt samarbeid mellom Nord- og Sør- Trøndelag og Møre og Romsdal. Tilsyna vert gjennomført av regionale team, og i 2016 vart det gjennomført totalt 10 tilsyn i Helse Midt- Norge - 4 av tilsyna mot Helse Møre og Romsdal HF :

1 eigeninitiert oppfølgingstilsyn med barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk - Kristiansund sjukehus.

2 landsomfattande tilsyn (LOT)- med akuttinntak SEPSIS - sjukehusa i Molde og Ålesund. Dette tilsynet fortset og i 2017 og har vore svært tid - og ressurskrevande.

1 eigeninitiert tilsyn med ivaretaking av teieplikt og plikt til informasjon og medverknad - Molde sjukehus

Måltallet er oppfylt.

#### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
4	0	4

Tallene i tabellen viser 4 tilsyn gjennomført med spesialisthelsetjen. i Møre og Romsdal. Tabellen A7020 i NESTOR viser planlagt antall- 10- tilsyn som er gjennomført med regionale team i Midt Norge.

#### Resultatmål 3.3.2.1.8.2

##### Rapportere på

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester: 6.

Vi har gjennomført 2 systemrevisjonar på KVP og 1 systemrevisjon på råd og rettleiing/økonomisk stønad (17 - 23 år). Elles har vi jobba (etterarbeid) med 14 eigenvurderingstilsyn (som tel 1/3) som starta opp i 2015.

Vi legg vekt på å gje konkret rettleiing i kommunane sitt arbeid med å lukke avvik og vi har tradisjon for å dele tilsynserfaringar på våre 4 årlege møter med NAV leiarane.

#### Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
6	- 3	3

Om etterarbeidet etter eigenvurderingstilsyna skal teljast med, blir det 3 + 4,6

### 3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for verjetrengende

Rettstryggleik og rettslikheit er betre ivaretatt no enn då overformyndaria styrte etter gamal verjemålslov, men det er likevel områder ein må arbeide med. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikke kapasitet til å snakke med verjetrengande før verjemål vert oppretta. Det er eit område med stor saksmengde. Tilsette på verjemål må bruke tida si på sakshandsaming. Geografi og budsjett gjer sitt til at ein ikkje kan reise ut og snakke med verjetrengande. Dette vil kunne påvirke rettstryggleiken til verjetrengande. Fylkesmannen har ikkje ressursar til å drive tilsyn med verjane. Spesielt er vi bekymra for at vi ikkje har ressursar til å kontrollere korleis verjene ivaretek dei verjetrengande på det personlege området. Fylkesmannen kontrollerer 15 % av verjerekneskapa. I tillegg kontrollerer vi avsluttande verjerekneskap ved dødsfall og der vi har mistanke om underslag og anna. Lite tilsyn Korleis verjene utfører verjeoppdraget kan svekke rettstryggleiken for dei verjetrengande.

#### Resultatmål 3.3.3.1.1

##### Rapportere på

Fylkesmannen skal gi alle nye oppnevnte verger og representanter opplæring i form av kurs og/eller individuelle samtaler.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde tilbud om kurs for alminnelege og faste verjer hausten 2016. Kurset var lagt opp som eit grunnkurs og dekte såleis også nye verjer. Kurset vart filma, og det er no lagt ut på fylkesmannen si nettside.

Vidare arrangerte fylkesmannen kurs for faste verjer våren 2016. Første delen av kurset var berekna for nye faste verjer. Namsmannen deltok på del 2, der dei informerte om gjeldsordning.

Når det gjeld representantane så har nokre av desse fått tilbud om å være med på kurs i regi av Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Vidare vart det arrangert kurs i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i Fosnavåg, Molde, Halså, Ulsteinvik og Kristiansund.

Fylkesmannen har vidare nedfelt i sine rutiner at sakshandsamar skal ta kontakt med nye verjer før dei får oppdrag første gonga.

#### Resultatmål 3.3.3.1.2

##### Rapportere på

Alminnelige og faste verger skal ha tilbud om å delta på minst ett kurs/samling for verger i løpet av året.

Sjå rapportering på punkt 3.3.3.1.1

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.1

##### Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 2 måneder.

Resultatmål nådd.

#### Saksbehandlingstid - Opprett vergemål, andel vedtak fattet innen 2 måneder

Resultat	Resultatmål	Differanse
89 %	80 %	9 %

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.2

##### Rapportere på

Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker – 90 % av vedtakene skal være fattet innen 5 dager.

Fylkesmannen har hatt stor fokus på området. Årsaken til at måla ikkje er nådd er først og fremst måten restansane har vorte registrert i systemet. Fylkesmannen endra rutiner på dette hausten 2016, og tala vart da vesentleg betre.

#### Saksbehandlingstid - Oppnevning av representant for enslig mindreårig asylsøker, 90% innen 5 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
38 %	90 %	- 52 %

#### Resultatmål 3.3.3.1.2.3

**Rapportere på**

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital -gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 4 uker.

Resultatmål nådd.

**Saksbehandlingstid - Samtykke til bruk av kapital, snitt ikke over 4 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
13	28	15

**Resultatmål 3.3.3.1.2.4****Rapportere på**

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter - gjennomsnittlig saksbehandlingstid ikke over 6 uker.

Vi nådde resultatmålet i 2016, og dette skyldes i hovudsak at vi hadde tilstrekkeleg med ressursar i 2016. Vi styrka saksfeltet når saksmengden auka. Den økonomiske ramma for 2017 gjer at vi er bekymra for at vi ikkje når resultatmålet i år.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2016 hatt ei merkbar auke i mengden søknadar om godtgjøring og utgiftsdekning. I tal utgjer auken i antall saker frå 2015 til 2016, 700 søknader. Auken er knytt til saker for einslege mindreårige (EMA). Fylket har hatt stor tilstrøyming og busetjing av denne gruppa frå sommaren 2015. Godtgjøring og utgiftsdekning til representantar og verjer for einslege mindrarige inneber månadlege eller kvartalsvise søknadar, og utbetaling frå det offentlege. I tillegg kjem krav om tolkerekningar som skal handsamast og utbetalast. Søknadane har vore mangelfulle og krevjande å handsame. Det er sett i verk tiltak i form av ekstra opplæring av representantar og verjer for EMA i høve godtgjøring. Sakshandsamar hjå fylkesmannen har sjølv utarbeidd nytt skjema for godtgjøring og utgiftsdekning på området for å auke effektiviteten på området.

**Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter, under 6 uker**

Resultat	Resultatmål	Differanse
23	42	19

**3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk****3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene**

Ut frå resultatmålet under delmålet om økt kvalitet og kompetanse i kommunane meiner vi måloppnåinga er god.

**Resultatmål 3.4.1.1.1.1****Rapportere på**

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2015 [1].

[1] jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2015», Rapport 19/2015 NIFU 76 % av kommunene svarer at de i svært stor grad eller i stor grad opplever Oppvekst- og utdanningsavdelingen som en viktig medspiller for kommunen for å sikre utvikling, læring og god kvalitet i barnehagen og opplæringen.

Når det gjelder vurderinga av kor viktig Fylkesmannen sitt bidrag til å sikre utvikling og god kvalitet på barnehageområdet er, viser tal frå Spørsmål til barnehage-norge i 2016 eit gjennomsnittscore for Møre og Romsdal på 4,1 (på en skala fra 1 til 5). Tal kommunar som har svart er 17 og variasjonen i tilfredsheit ligger mellom 3 og 5.

Tilfredsheita er blant de høgaste i landet.

Tabell 8.3 om kommunar si oppleving av Fylkesmannen som ein viktig medspelar i "Spørsmål til Skole-Norge våren 2016" viser snittscore på 4.1 for M&R på ein skala frå 1-5. For landet var scoret på 3.8.

Altså ligg tilfredsheita godt over minimumsnivået.

**Resultatmålet er vurdert til å vere oppfylt.**

**3.1.5 Gjennomførte evalueringer**

Fylkesmannen får gode tilbakemeldingar i ein landsomfattende undersøkelse som Sentio research har gjennomført om Fylkesmennene. Kommunene er spurd om Fylkesmennene si rolle i kommunereformen, samt andre viktige roller og oppgaver som Fylkesmannen har.

### 3.1.6 Særskilt om oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i Virksomhets- og økonomiinstruks

Fylkesmannen har avvik på punkt 5.3.5.2: *"Fylkesmannen skal føre tilsyn med verjene og representantane i sitt område."*

Fylkesmannen har ikkje ressursar til å drive målretta tilsyn med verjane. Fylkesmannen håndterer bekymringsmeldingar som kjem inn, men det vert ikkje utført tilsyn utover dette. Lite tilsyn samt minimalt med verjeopplæring kan føre til svekka rettstryggleik for verjetrengande.

Avvik på pkt. 5.3.5.7 *"Kontroll av verjerekneskap"*

Fylkesmannen har kontrollert 15 % av verjerekneskap for året 2015. Fylkesmannen har ikkje sikra at alle verjerekneskap er komplett levert. Fylkesmannen foretok ei risikovurdering der ein kom fram til at ein slik kontroll ikkje ga betre rettstryggleik. Underslag vert ikkje oppdaga ved å sikre at alle dokumentkategoriar har komme inn. Underslag vert oppdaga ved at ein faktisk kontrollerer rekneskapa. Fylkesmannen har fulgt opp dei verjene som ikkje leverer noko.

Avvik på 5.3.11.16:

Fylkesmannen sendte i starten av 2016 ut brev til alle kommunar der midlertidig forretning etter delingslova ikkje var fullført, og sette ein frist for kommunane til sjølv å fullføre desse. Vi mottok tilbakemelding frå fleire kommunar, og det er framleis fleire forretningar som ikkje er fullførte. Vi har i 2016 likevel ikkje hatt ressursar til å følge opp dette vidare.

Avvik på 5.2.9.1: *"Kommuneretta samordning"*

Fylkesmannen er i kommuneloven § 60 e gitt mandat til å samordne det statlige tilsynet med kommunene. Samordningen skal bidra til at statens tilsyn med kommunene samlet sett er oversiktlig, enhetlig og forutsigbart.

Slik samordning er ikkje gjennomført.

Avvik på 5.3.1.18

Fylkesmannen skal overprøve vedtak etter kapittel 9 i helse- og omsorgstjenesteloven om planlagte skadeavvergende tiltak og tiltak for å dekke grunnleggende behov for personer med psykisk utviklingshemning, og behandle søknader om dispensasjon fra utdanningskrav. Overprøving av vedtak og behandling av søknader om dispensasjon skal skje fortløpende og behandlingstiden ikke overstige 3 måneder. Her har saksbehandlingstiden vore overskrede.

Avvik på 3.3.1.1.1.1:

Det skal gjennomførast minimum 2 tilsyn i kvart fylke per år på introduksjonslova. 2 tilsyn blei varsla i 2016 og dokumentasjon mottatt. Foreløpig tilsynsrapport blei ikkje sendt ut før årsskiftet.

## 3.2 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

### Rapporteringskrav 7.3.1.1.1

#### Rapportere på

Kort beskrivelse av aktiviteten på området «Bolig for velferd»

Gjennom strategien Bustad for velferd har Fylkesmannen delteke på førebuing av og gjennomføring av læringsnettverka som er koordinert frå Husbanken Midt-Norge. Fylkesmannen har og delteke på ulike samlingar og konferansar der bustad har vært tema, til dømes lansering av digital rettleier, Housing Firstkonferanse, samling 0-24 satsninga. Vi utlyste og midlar slik at NAV-kontora mellom anna kunne søkje om støtte til å gjennomføre fagdagar innafør Bustad for velferd.

### Rapporteringskrav 7.3.1.1.2

#### Rapportere på

Hvordan har FM bistått i arbeidet med å koordinere og samordne de boligsosiale tilskuddsmidlene ut mot kommunen/NAV-kontor?

I 2016 vart Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelt kr 3 243 715 i tilskotsmidlar til bustadsosialt arbeid som er ei reduksjon frå året før. Dette er fordelt på 8 kommunar. I fleire av prosjekta har det vært jobba med å lage nye fora og rutinar på tvers av ulike etatar i kommunen for å få til bedre samhandling og fokus i boligpolitikken. Fleire har bygd boliger for vanskeligstilte, og nytta Husbanken sine virkemiddel som Startlån og bustonad. Målgruppa er flyktingar, barnefamiliar og ROP-pasientar.

### Rapporteringskrav 7.3.1.1.3

**Rapportere på**

Hvilke kompetansehevende tiltak er gjennomført på det boligsosiale feltet?

Fagsamling med tema migrasjon og helse, Kommunekartlegging, fagsamling rus-og psykiatrifeltet Ringar i vatn, Oppvekstkonferansen, Innlegg fra kommune med boligsosiale tilskuddsmidler på NAV-ledermøte, forberedelse og gjennomføring av nettverk i samarbeid Husbanken Midt - Norge, 4 kommuner fra Møre og Romsdal deltar i dette, tema på STL-opplæring.

**Rapporteringskrav 7.3.1.2.1****Rapportere på**

Beskriv situasjonen for KVP i fylket, i tillegg:

- Får de som har krav på det, tilbud om program?
- Hva kjennetegner kontor som arbeider godt med ordningen?
- Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP?
- Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP?

**Får de som har krav på det, tilbud om program?**

På bakgrunn av KVP tilsyn også i 2016, KVP statistikk frå AV-dir og dialog med NAV tilsette er vårt inntrykk fortsatt at ikkje alle med rett til KVP får dette. Vårt inntrykk er at KVP ikkje er godt kjent i befolkninga, og derfor kjem det også få søknader. Personar med mulig rett til KVP er avhengig av å bli identifisert av NAV kontoret gjennom ei god og grunngjeve behovs- og arbeidsevnevurdering etter NAV lova sin §14 a. I våre tilsyn fann vi fleire langtidsmottakarar av sosialhjelp som ikkje hadde fått denne vurderinga. Fleire av dei som hadde fått § 14 a vurderinga var truleg konkludert i feil eller for lett innsatsområde. Det er ulogisk å bli vurdert til å ha behov for standard- og situasjonsbestemt innsats frå NAV for å kome i arbeid etter fleire år på sosialhjelp. Vi har og inntrykk av at mulege KVP deltakarar heller blir innvilga AAP dersom dei blir vurdert til spesielt tilpassa innsats. Vi slutter oss til NAV rapporten «Fattigdom og levekår i Norge – 2016» sin kapittel 6 som omtalar akkurat denne problemstillinga.

**Hva kjennetegner kontor som arbeider godt med ordningen?**

Dei har ein NAV leiar som synes KVP er viktig og som har organisert kontoret sitt på ein slik måte at det blir muleg å jobbe med KVP. Vidare har dette kontoret veileदारar som har kompetanse på området. Har dei i tillegg ein rådmann eller kommunalleiar som etterspør korleis det går med KVP og i tillegg legg til rett for KVP arbeidet er det til stor hjelp.

**Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP?**

Vår påstand er at det fortsatt er slik at dei fleste NAV kontor forsøker å innfri krav/behov frå brukarane og følge styringssignala. Dei fleste krav ovanfrå gjeld statleg område.

Det er viktig med forankring og fokus på dette også frå øvste kommuneleing. Det som ikkje blir etterspurt har ein tendens til å ikkje bli prioritert. Vi har inntrykk av at det blir lite tid igjen til KVP arbeidet som i tillegg stiller høge krav til saksbehandling, regelverk og oppfølging av brukar.

**Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP?**

Først og fremst har vi svart på dette i spm 1. Videre er det ei utfordring at KVP ikkje er godt forankra i kommunen si øvste administrative/politiske leing; at KVP arbeidet ikkje blir etterspurt eller målt av dei.

Vi har i fleire år vore aktive i KVP arbeidet ift informasjon og opplæring og hatt det som tema på alle NAV leiarmøter. Samtidig ser vi at KVP kunnskapen forvitrar ute i NAV kontora. Regelverket er litt omstendelig, og delar av forskrifta kan verke slik at personar må skrivast ut av program. Dette gjeld særleg forskrifta om permisjon.

I 2016 lyste vi ut KVP stimuleringsmidlar til alle kommunar i M&R slik at NAV kontor innanfor visse rammer sjølv definerer korleis dei vil forbetre arbeidet med KVP. Dette i samarbeid med NAV fylke.

Vi gjennomførte også systemrevisjon i to NAV kontor og dette gjer at vi i desse kommunane kjem i posisjon til øvste leing, i akkurat desse kommunane og til å gje veiledning på KVP arbeidet. Erfaringane blir delt på NAV leiarmøte og er grunnlag for opplæring i sosialtenestlova.

Denne delen av rapporten er også sendt i eget dokument til AV-dir slik vi er blitt bedt om.

**Rapporteringskrav 7.3.2.1**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

Ei evaluering av kommunane si oppfølging av krisesenterlova syner at det er utfordringar knytt til tenestetilbodet til voldsutsette med problem innan rus og/eller psykiatri, tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne og tilbodet til menn og deira born. Evalueringa vart gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA, rapport 19/14.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utførte våren 2016 ei kartlegging, og fekk svar frå 29 av 36 kommunar. Det kjem fram av kartlegginga at alle kommunane stadfester at dei har eit generelt krisesentertilbod til sine innbyggjarar. Ikkje alle svarer at dei har eit tilrettelagt tilbod til personar som har utfordringar med rus og /eller psykisk helse, personar med funksjonshemming og voldsutsette menn og deira born.

Alle kommunane har ein samarbeidsavtale med eit krisesenter. 18 kommunar har samarbeid med Krisesenteret for Sunnmøre IKS, der Ålesund er vertskommune. Krisesenteret for Nordmøre IKS har 7 samarbeidskommunar, med Kristiansund som vertskommune. Krisesenter for Molde og omegn IKS har samarbeid med 10 kommunar, med Molde som vertskommune. Rindal kommune har saman med 18 kommunar i regionen samarbeidsavtale med Krisesenteret for Orkdal og omegn, der Orkdal er vertskommune.

**Få kommunar med skriftleg rutinar**

Kommunane vart spurt om dei hadde rutinar for oppfølging under og etter eit krisesenteropphald, og om dei kunne sende inn skriftlege rutinar dersom dei hadde dette. To kommunar svarte at dei hadde skriftlege rutinar på oppfølging og sendte desse inn. 12 kommunar svarar at dei ikkje har rutinar pr. i dag, og to av desse sendte med andre rutinar som «prosedyre på tildeling av psykisk helsetenester» og «felles prosedyre for tiltak ved avdekking av vald i nære relasjonar». Det var 15 kommunar som ikkje nemnde dei skriftlege rutinane i sine tilbakemeldingar.

Kommunane Smøla, Halså, Tingvoll, Fræna, Nesset, Volda og Hareid har ikkje svart på kartlegginga.

2014

Vi besøkte eit krisesenter for å sjå om verksemda styrte i tråd med krisesenterlova.

2015

Vi besøkte dei to andre krisesentra i vårt fylke for å sjå på det same som i 2014.

2016

I tabellen er vi spurt om antall tilsyn med samarbeidskommuner og vi har her lagt inn antallet på dei kommunane som ga tilbakemelding. Vi meiner dette er ein tilsynsaktivitet sjølv om vi ikkje har besøkt kommunane.

**Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven**

<b>Totalt antall kommuner i fylket</b>	36
<b>Antall krisesentertilbud i fylket</b>	3
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2014</b>	1
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2014</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2015</b>	2
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2015</b>	0
<b>Antall tilsyn med kommuner som er vertskommuner 2016</b>	3
<b>Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke er vertskommuner) 2016</b>	26

**Rapporteringskrav 7.3.2.2**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på status når det gjelder tilbudet i kommunene til voldsutsatte med problemer knyttet til rus og/eller psykiatri, voldsutsatte med nedsatt funksjonsevne og tilbudet til voldsutsatte menn.

Sjå 7.3.2.1. og aktivitet i 2016

**Rapporteringskrav 7.3.2.3**

**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Ikkje aktuelt i vårt fylke.

**Rapporteringskrav 7.3.2.4****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på erfaringene med gjennomføring av opplæringsprogram og antall deltakere i opplæringstilbudet for ulike faggrupper i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep.

Vi har gjennomført 4 fagdagar i 2015 og 2016 med tils. ca. 500 deltakere. Dette har vore ei innføring i temaet og det har vore stor interesse for fagdaganane. Vi vurderer at dette er store tema som er fagleg utfordrande. Dette krev difor langt meir omfattande opplæring - både teoretisk og knytt til refleksjonar om eigen praksis. Ei vidareføring av opplæringa bør vera tilpassa lokale forhold og samarbeidsstrukturar.

**Rapporteringskrav 7.3.2.5****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2016 handsama 939 saker etter ekteskapslova. 503 saker gjeld separasjon og 436 gjeld skilsmisse. Talet på saker til handsaming etter **ekteskapslova** er stabilt. Saksområdet er no heildigitalisert når det gjeld innsending av søknader og antall søknader sendt inn elektronisk aukar.

I 2016 har ein handsama 68 saker etter **anerkjennelseslova**, også dette talet er stabilt. Ein har teke i bruk dataverktøyet DISC fra Nasjonalt Id senter som hjelpemiddel for å legalisere utenlandske dokument.

**Rapporteringskrav 7.3.2.6****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Fylkesmannen fatta 2 vedtak etter barnelova § 55 i 2016.

**Rapporteringskrav 7.3.2.7****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har mottatt nokre førespurnader pr. telefon om regelverket på familieretten sitt område. Mange av spørsmåla omhandlar samvær og fordeling av kostnader ved samvær, under dette at den eine av foreldra ikkje vil dele på kostnaden. Vi har gitt råd og rettleiing, mellom anna om kravet til mekling, samt vist til informasjonsmateriale utarbeidd av BLD. Det er i stor grad foreldre som kontaktar oss, men vi får òg spørsmål frå advokatar, kommunar og andre offentlege instansar.

**Rapporteringskrav 7.3.2.8****Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2016 gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav, der fylkesmannen tidligere har gitt bevilling, i 16 saker.

**Rapporteringskrav 7.3.2.9**



**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på tilsyn med familievernkantorene.

Det vart ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontor i 2016. Planlagt tilsyn våren 2017 (varsel sendt ut).

**Tilsyn med familievernkontorene**

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015	Antall gjennomførte tilsyn i 2014
3	0	0	0

**Rapporteringskrav 7.3.2.11****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Fylkesmannen gjev kommentarar og rettleiing til alle kommunale planar der det er naudsynt å ta hensyn til universell utforming.

Universell utforming er eit av punkta på våre interne sjekklister i alt planarbeid.

**Rapporteringskrav 7.3.2.12****Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Ved tilsetjing av nye medarbeidarar er likestilling ein viktig faktor for både utforming av annonse, utveljing til intervju og i sluttvurderinga for kven som blir tilsett i stillinga.

Fylkesmannen arrangerer mange konferansar og fagsamlingar gjennom eit år. Liestillingsperspektivet ved val av foredragshaldarar, sammensetting av grupper mm er alltid med.

**Rapporteringskrav 7.3.3.1.1****Rapportere på**

Antall årsverk fordelt på ulike personellgrupper og antall personell som har deltatt i kompetansehevende tiltak jf. tidligere års rapporteringer.

Viser til det som er anført under 3.1.3.1.3.1

**Rapporteringskrav 7.3.3.1.2****Rapportere på**

Gi en samlet vurdering av utviklingen for kompetanse og årsverk for kommunene i fylket for det tidligere Kompetanseløftet 2015s planperiode.

Vi viser til e-post frå Helsedirektoratet v/ Sigrun Heskestad 9.2.2017. Dette punktet var ei eingangsrapportering som vi har svart på i eigen rapport i 2016.

**Rapporteringskrav 7.3.3.2.1****Rapportere på**

Planlagte tilsyn etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner skal rapporteres i årsrapport for fylkesmannens tilsyn med barnevernet innen 20. januar 2017, jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjoner for omsorg og behandling, § 14.

Denne rapporteringa utgår sidan Helsetisynet hentar naudsynte data frå NESTOR.

**Rapporteringskrav 7.3.4.1**

**Rapportere på**

FylkesROS og oppfølgingsplan:

- Når ble siste analyse gjennomført?
- Foreligger oppfølgingsplan, i så fall når ble den sist oppdatert?
- Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

FylkesROS for Møre og Romsdal vart ferdigstilt i 2016, og er utarbeida i tett samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune, og med bidrag frå relevante regionale aktørar knytt til ulike tema.

I tillegg har vi utarbeidd FylkesROS fjellskred i 2011 og FylkesROS sjø i 2007, som er viktige grunnlagsdokument vi nyttar i vårt arbeid.

Arbeidet med og innhald i FylkesROS er presentert ved oppstart og undervegs i dei årlege møta i FBR, og i fagsamlingar for kommunale beredskapsmedarbeidarar.

**FylkesROS og oppfølgingsplan**

Når ble siste fylkesROS gjennomført?	Foreligger oppfølgingsplan?	Hvis ja, når ble den sist oppdatert?
2016	Ja	2016

**Rapporteringskrav 7.3.4.2****Rapportere på**

Kort beskrivelse av etablerte ordninger for raskt å kunne motta og viderefremde varsel om uønskede hendelser og beredskapsmeldinger.

Hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal er vi en gruppe i beredskapsstaben som mottar alle eposter sendt til vår varslingsadresse. I tillegg har vi ei varslingsliste for telefonvarsling til sentrale personar knytt til krisehandtering og beredskap, som er kjent blant våre samarbeidspartnarar. Vi nyttar DSB-CIM til loggføring av mottak og til vidaredistribuering av varsel, og vi vedlikehald varslingslister til kommunar og medlemmane i Fylkesberedskapsrådet der.

Vi har inga organisert vaktordning i embetet, og i helger og heilagdagane kan det ta litt tid før nokon respondera på eit varsel. Vi har godtgjering for å halde mobiltelefonabonnement. I tillegg planlegg vi ferieavviklinga slik at vi alltid er representert i arbeidstida. Om vi får varsel som må handterast utanfor kontortid kan dei tilsette skriveovertid for utført arbeid.

Ordninga er basert på velvilje frå dei tilsette i beredskapsstaben til å handtere dei varsla som kjem, og at dei har moglegheit til å handtere varselet (at dei har tilgang på internett). Om vi får varsel på gradert samband er vi avhengig av ein ugradert melding på vanleg varslingsskanal for å fange denne opp. Utanfor kontortid er vi avhengig av at nokon av det autoriserte personellet ikkje er i lang avstand til våre lokalar.

Erfaringa vår er at vi handterer mottak og vidareformidling av varsel relativt godt også utanfor kontortid, men ordninga er sårbar.

Dei fleste varsla vi mottok i 2016 var frå NVE og gjalt auka fare for flaum, flaum- og jordskred og snøskred på gult nivå. Direktoratet har ei prøveordning for abonnementsvarsling, og vi håpar denne snart vert sett i operativ drift. Det vil redusere på omfanget av varsel ein god del, og ein kan unngå det som kan oppfattast som støy ute i kommunane.

**Rapporteringskrav 7.3.4.3****Rapportere på**

Gjennomført revisjon av beredskapsplan.

Fylkesmannens overordna beredskapsplan er revidert i 2016, og oppdaterast årleg. Vi er i gang med revisjon av den meir operative delen av planen med tiltakskort for handtering av hendingar, og skal ferdigstille arbeidet i 2017.

**Gjennomført revisjon av beredskapsplan**

Når ble siste revisjon av beredskapsplanen gjennomført?
2016

**Rapporteringskrav 7.3.4.4****Rapportere på**

Hovedfunn fra øvelse av kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan følges disse opp.

Fylkesmannens kriseleieing, og beredskapsstaben deltok i øving Åknes 2016 - ei diskusjonsøving knytt til eit større fjellskred frå Åknes i Stranda kommune. Ei slik hending vil kreve eit godt samvirke mellom mange aktørar, og samordningsansvaret til Fylkesmannen blir sentralt. Det å sikre god rolleforståing internt og mellom aktørar er eit kontinuerlig arbeid, som må repeterast og øvast jamleg

Evalueringsrapport frå øvinga er utarbeidd, og vi vil følge opp funna i eigne planar gjennom revisjonen som er i gang.

#### Hovedfunn fra øvelse i kriseorganisasjonen i embetet, og hvordan disse er fulgt opp

